

Dokument 2 (2012–2013)



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 15 495 17

Denne publikasjonen er tilgjengeleg på Internett:
www.riksrevisjonen.no

Offentlege etater kan tinge publikasjonen frå
Departementenes servicesenter
Telefon: 22 24 20 00
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
www.publikasjoner.dep.no

Andre kan tinge frå
Bestillinger offentlige publikasjoner
Telefon: 55 38 66 00
Telefaks: 55 38 66 01
E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Fagbokforlaget AS
Postboks 6050 Postterminalen
5892 Bergen

ISBN 978-82-8229-222-1

Forsideillustrasjon: Lars Tothammer

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2012

Dokument 2 (2012–2013)

Til Stortinget

Riksrevisjonen legg med dette fram Dokument 2 (2012–2013) *Riksrevisjonens melding om verksemda i 2012*. Riksrevisjonen skal medverke til at fellesskapets midlar og verdiar blir brukte og forvalta slik Stortinget har fastsett. Det skjer gjennom revisjon, kontroll og rettleiing. Målet med revisjonen er å medverke til betre forvaltning.

2012 var det tredje år i den strategiske planperioden i Riksrevisjonen. Planlagde tiltak for året er i hovudsak gjennomført i tråd med verksemdsplanen.

Revisjonen

Resultatet av revisjonen blir rapportert til Stortinget gjennom Dokument 1 (regnskapsrevisjonen) og Dokument 3-serien (forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollen). Våren 2012 endra Riksrevisjonen strukturen og delvis innhaldet i rapporteringa av forvaltningsrevisjonar til Stortinget. Formålet med omlegginga var å få hovudbodskapen frå revisjonen tydelegare fram og å gi tilrådingar om kvar det er nødvendig med forbetringar og endringar for å oppnå gode resultat i forvaltninga.

Det generelle inntrykket er at statsforvaltninga fungerer på ein god måte, men at det er rom for ytterlegare forbetringar, mellom anna når det gjeld ikt-løysingar, rekneskapsdokumentasjon, måloppnåing og etterleving av innkjøpsregelverket. Revisjonen avdekka også låg effektivitet og/eller svak forvaltningspraksis på dei undersøkte områda og behov for å forbetre styringsinformasjonen og styringsdialogen. Revisjonen viste i tillegg at fleire departement og verksemdar har eit stort potensial for å styrkje oppfølginga av økonomien, effektiviteten, samansetnaden og honoreringa av styra i selskapa.

Utviklingsaktiviteter

I 2012 brukte Riksrevisjonen mykje ressursar på å optimalisere det nye revisjonsstøtteverktøyet og systemet for elektronisk saksbehandling.

Riksrevisjonen har også teke eit nytt grep for å oppnå ei meir heilskapleg prioritering av revisjonsoppgåvene. Arbeidet med ein ny strategisk plan for perioden 2014–2018 er begynt.

Omdømme

Det er eit strategisk mål for Riksrevisjonen at revisjonen blir gjennomført på ein einartad måte og held høg faglig kvalitet. Brukarundersøkingar gjennomført i 2012 for alle revisjonstypar, viser at forvaltninga er nøgd med dialogen med Riksrevisjonen i revisjonsprosessen og Riksrevisjonens kompetanse til å gjennomføre revisjon. Når det gjeld forvaltningsrevisjon og selskapskontroll når ikkje Riksrevisjonen måla om rettleiarrolla og presentasjon av resultatane. Riksrevisjonen har tru på at det nye formatet for Dokument 3 vil gjere formidlinga av revisjonsresultatane betre. Samtidig vil Riksrevisjonen leggje vekt på at resultatane av revisjonen blir presenterte på ein balansert måte.

Som kontrollorgan for Stortinget er Riksrevisjonen avhengig av tillit frå allmenta. To undersøkingar i 2012 viser at Riksrevisjonen har høg truverde og høg integritet og at Riksrevisjonen scorar svært høgt på spørsmål om omdømme, høgare enn det som er gjennomsnittet for statlege institusjonar.

Riksrevisjonen, 8. mai 2013

For riksrevisorkollegiet

Jørgen Kosmo
riksrevisor

Innhold

1	Om Riksrevisjonen	7
1.1	Rolle og oppgaver	7
1.2	Riksrevisorkollegiet	7
1.3	Organisering	8
2	Måloppnåing og ressursbruk	9
2.1	Måloppnåing	9
2.2	Ressursbruk	11
3	Revisjon og rapportering til Stortinget	12
3.1	Nye format for rapportering av forvaltningsrevisjonar og den årlege rekneskapsrevisjonen	12
3.2	Generelt om revisjonsverksemda i 2012	13
3.3	Rekneskapsrevisjon	14
3.4	Selskapskontroll	15
3.5	Forvaltningsrevisjon	17
4	Internasjonale aktivitetar	19
4.1	Internasjonale revisjonsoppdrag	19
4.2	Fagfellevurderingar	20
4.3	Deltaking i den globale organisasjonen av riksrevisjonar (INTOSAI)	20
4.4	Regionalt samarbeid	22
4.5	Anna revisjonssamarbeid	22
5	Bistand til utvikling av riksrevisjonar i andre land	23
5.1	Institusjonelle samarbeidsprosjekt	23
5.2	Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)	24
6	Dei tilsette i Riksrevisjonen	25
6.1	Personale og arbeidsmiljø	25
6.2	Kompetanse	27
7	Styring, administrasjon og interne aktivitetar	30
7.1	Styringa i Riksrevisjonen	30
7.2	Utviklingstiltak i organisasjonen	31
7.3	Miljø	32
7.4	Tryggleik	32
8	Utviklingstrekk med konsekvensar for revisjonen	34
9	Budsjett og rekneskap for 2012	39

Vedlegg 1:	Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2012	41
Vedlegg 2:	Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2012	42
Vedlegg 3:	Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2012	43
Vedlegg 4:	Påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2013	44
Vedlegg 5:	Melding frå revisor	45
Vedlegg 6:	Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI	46

1 Om Riksrevisjonen

1.1 Rolle og oppgåver

Riksrevisjonen er eit kontrollorgan for Stortinget. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir betalte inn slik det er føresett, og at statlege midlar og verdiar blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader.

Dei overordna rammevilkåra går fram av lov og instruks om verksemda i Riksrevisjonen.

Oppgåvene til Riksrevisjonen er

- å revidere statsrekneskapen og alle rekneskapar frå statlege verksemder og andre styresmakter som er rekneskapspliktige til staten, mellom anna forvaltningsbedrifter, forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, statlege fond og andre organ eller verksemder der dette er fastsett i særleg lov (*rekneskapsrevisjon*)
- å gjennomføre systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Stortingets vedtak og føresetnader (*forvaltningsrevisjon*)
- å kontrollere forvaltninga av statlege interesser i selskap m.m. (*selskapskontroll*)
- gjennom revisjonen å bidra til å førebyggje og avdekkje mislegheiter og feil
- å rettleie forvaltninga for å førebyggje framtidige feil og manglar

Riksrevisjonen kan etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar.

1.2 Riksrevisorkollegiet

Den øvste leiinga i Riksrevisjonen er eit kollegium som består av fem riksrevisorar. Dei er valde av Stortinget for ein periode på fire år frå 1. januar 2010 til 31. desember 2013. Kollegiet har denne samansetnaden:

Leiar:	Jørgen Kosmo
Varamedlem:	Eirin Faldet
Nestleiar:	Arve Lønnum
Varamedlem:	Liv Zazzera
Medlem:	Annelise Høegh
Varamedlem:	Martin Engeset
Medlem:	Per J. Jordal
Varamedlem:	Heidi Grande Røys
Medlem:	Synnøve Brenden
Varamedlem:	Asmund Kristoffersen

Det blei halde ni møte i kollegiet i 2012. I mai besøkte kollegiet den nederlandske riksrevisjonen og fleire internasjonale organisasjonar i Brussel, som Riksrevisjonen har som oppdrag å revidere.

1.3 Organisering

Riksrevisjonen er inndelt i éi administrasjonsavdeling, fire rekneskapsrevisjonsavdelingar og to forvaltningsrevisjonsavdelingar. Selskapskontrollen er organisert saman med forvaltningsrevisjonen. To støtteiningar for revisjon arbeider med metodeutvikling og kvalitetskontroll for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon/selskapskontroll. Juss- og kommunikasjonsfagleg støtte er samla i stabsseksjonen, som sorterer direkte under revisjonsråden. Vedlegg 1 viser organisasjonskartet.

Riksrevisjonen har hovudkontoret sitt i Oslo og regionkontor i Bergen, Bodø, Hamar, Kristiansand, Stavanger, Tromsø og Trondheim. I tillegg arbeider 15 medarbeidarar på lokalkontor i andre byar og tettstader. Desse lokalkontora skal avviklast over tid. Vedlegg 2 inneheld ei oversikt over kvar Riksrevisjonen er lokalisert rundt om i landet.

Per 31. desember 2012 var det tilsett 525 personar i Riksrevisjonen. Dette utgjorde 500,5 årsverk – fem årsverk færre enn i 2011. 99 stillingar er lokaliserte utanfor Oslo.

2 Måloppnåing og ressursbruk

2.1 Måloppnåing

Visjonen for den inneverande strategiperioden, 2010–2014, er å "*bidra effektivt til Stortingets kontroll og fremme god forvaltning*". Det er definert fem strategiske hovudmål for perioden:

- Riksrevisjonen har allmenn tillit, og rolla og oppgåvene er godt kjende i Stortinget og forvaltninga.
- Revisjonen blir gjennomført på ein einskapleg måte og held høg fagleg kvalitet.
- Riksrevisjonen har kompetanse til å gjennomføre arbeidsoppgåvene på ein effektiv og tilfredsstillande måte.
- Riksrevisjonen er ein leiande aktør innan utvikling av offentleg revisjon internasjonalt.
- Riksrevisjonen er ein god arbeidsplass som trekkjer til seg og held på kompetente og engasjerte medarbeidarar.

Riksrevisjonen har allmenn tillit, og rolla og oppgåvene er godt kjende i Stortinget og forvaltninga.


Som kontrollorgan for Stortinget er Riksrevisjonen avhengig av tillit frå allmenta. Ipsos MMI gjennomførte på oppdrag av Riksrevisjonen ei opinionsundersøking i 2012. Resultatet viste mellom anna at heile 84 prosent meiner at Riksrevisjonen har høgt truverde og høg integritet.

I PR-barometeret Samfunn 2012¹ scorar Riksrevisjonen svært høgt på spørsmål om omdømme. Riksrevisjonen scorar høgare på alle dei fire omdømmespørsmåla i undersøkinga enn det som er gjennomsnittet for statlege institusjonar. På ein skala frå 1 til 10 scorar Riksrevisjonen 8,9 på spørsmålet om truverde. Den lågaste scoren (7,6) får Riksrevisjonen på det å vere synleg. På dei to siste spørsmåla, som gjeld organisasjon og omdømme, får Riksrevisjonen ein score på høvesvis 8,0 og 8,2. Undersøkinga viser vidare at leiinga i Riksrevisjonen scorar høgt på truverde, og at dei bidreg positivt til å profilere organisasjonen, sjå punkt 3.1.

I møte med riksrevisorkollegiet i november 2012 gav kontroll- og konstitusjonskomiteen uttrykk for at dei var tilfredse med arbeidet til Riksrevisjonen. Det nye formatet for rapportering av forvaltningsrevisjonar blei heldt fram som spesielt positivt, sjå nærare omtale av formatet i punkt 3.1. Stortinget har ikkje komme med kritikk av arbeidet til Riksrevisjonen i løpet av året.

¹ PR-barometeret Samfunn er ei kvalitativ brukarundersøking blant journalistar om kva faktiske erfaringar dei har med statlege institusjonar. 600 norske journalistar har vore med i undersøkinga, og dei har vurdert 47 statlege institusjonar. Alle journalistane som er respondentar, er valde ut av dei 47 statlege institusjonane som har vore med i undersøkinga. Det er 23 journalistar som har vurdert Riksrevisjonen spesielt.

Figur 1 PR-barometeret samfunn 2012, omdømme



Revisjonen blir gjennomført på ein einskapleg måte og held høg fagleg kvalitet

Revisjonsmetodikken i Riksrevisjonen er i tråd med internasjonale standardar. Brukarundersøkingar i forvaltninga som blei gjennomførte etter at revisjonsresultata i alle dei tre revisjonstypene var lagde fram, viser gode resultat. Særleg blir dialogen med Riksrevisjonen opplevd som god, og dei tilsette i Riksrevisjonen blir oppfatta som profesjonelle og kompetente. Brukerundersøkinga er utdypa i omtalen av kvar av revisjonstypene i kapittel 3.

Riksrevisjonen prioriterer revisjonsoppgåvene sine ut frå ei heilskapleg vurdering av risiko og kva som er viktig. I løpet av 2012 blei prioriteringsprosessen ytterlegare forbetra, sjå punkt 7.2.

Riksrevisjonen har kompetanse til å gjennomføre arbeidsoppgåvene på ein effektiv og tilfredsstillande måte

Ein stor del av forvaltninga (82 prosent av respondentane) meiner at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre oppgåvene sine, jf. dei nemnde brukarundersøkingane.

I ei arbeidsmiljøundersøking som blei gjennomført i 2012, svarte 84 prosent av medarbeidarane i Riksrevisjonen at dei hadde tilstrekkeleg kompetanse til å løyse oppgåvene sine. 82 prosent opplevde at dei fekk brukt kompetansen sin godt i jobben. Arbeidsmiljøundersøkinga er omtalt nærare i punkt 6.1.

Riksrevisjonen er ein leiande aktør innan utvikling av offentleg revisjon internasjonalt

Riksrevisjonen spelar ei viktig rolle i INTOSAI, den globale organisasjonen av riksrevisjonar. Riksrevisjonen bidreg, både multinasjonalt og bilateralt, i implementeringa av dei internasjonale standardane for offentleg revisjon. I tillegg er Riksrevisjonen engasjert i breie, institusjonelle bistandsprosjekt og korttidsoppdrag retta mot institusjonsutvikling av riksrevisjonar i andre land. I 2012 hadde Riksrevisjonen revisjonsoppdrag for seks internasjonale organisasjonar. Sjå også kap. 4 og 5 om internasjonale aktivitetar og bistand til utvikling av riksrevisjonar i andre land.

Riksrevisjonen er ein god arbeidsplass som trekkjer til seg og held på kompetente og engasjerte medarbeidarar


Riksrevisjonen har eit godt rekrutteringsgrunnlag ved nytilsetjingar. Men Riksrevisjonen rekrutterer også mange av sine tilsette blant nyutdanna, som gjerne søker seg til nye utfordringar etter nokre år. Resultata frå arbeidsmiljøundersøkinga i 2012 strekar under kor viktig leiarutvikling er.

Målsetjingane i avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) blei oppfylte i 2012. Sjå også omtalen i punkt 6.1.

2.2 Ressursbruk

Figur 2 viser fordelinga av personellressursane på dei ulike aktivitetane i 2012. Ressursar som er brukte til revisjonsfaglege aktivitetar, har gått ned med 3 prosentpoeng samanlikna med 2011. Samtidig har ressursane til kompetanseutvikling auka frå 5 til 9 prosent. Årsaka er ei utstrekt opplæring knytt til nye internasjonale revisjonsstandar, nytt elektronisk revisjonsstøttesystem og innføringa av elektronisk saksbehandling.

Figur 2 Korleis ressursane har fordelt seg på dei ulike aktivitetane i 2012



Tabell 1 viser revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i åra 2009 til 2012. Ressursinnsatsen innan selskapskontroll aukar framleis, noko som er i samsvar med signal frå Stortinget.

Tabell 1 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2009–2012. Prosent.

Revisjonstype	2009	2010	2011	2012
Rekneskapsrevisjon	67	68	66	65
Forvaltningsrevisjon	28	26	28	28
Selskapskontroll	5	6	6	7

3 Revisjon og rapportering til Stortinget

3.1 Nye format for rapportering av forvaltningsrevisjonar og den årlege rekneskapsrevisjonen

Riksrevisjonen la i løpet av 2012 om formatet for både Dokument 3 (forvaltningsrevisjonar) og Dokument 1 (rekneskapsrevisjonen). Ny struktur for rapporteringa av selskapskontrollen er venta hausten 2014.

Dokument 3 – forvaltningsrevisjonar

Våren 2012 endra Riksrevisjonen strukturen og delvis innhaldet i rapporteringa av forvaltningsrevisjonar til Stortinget. Formålet med omlegginga er å få hovudbodskapen frå revisjonen tydelegare fram og å gi tilrådingar om kvar det er nødvendig med forbetringar og endringar for å oppnå gode resultat i forvaltninga.

I den nye strukturen for rapportering av forvaltningsrevisjonar (Dokument 3) er det lagt inn eit eige punkt for tilrådingar. Heile svaret frå statsråden på merknader og tilrådingar frå Riksrevisjonen blir ikkje lenger teke inn i dokumentet, men følgjer som vedlegg. Hovudbodskapen i svaret skal likevel refererast i dokumentet. Dokumentet er blitt vesentleg kortare, og funna er summerte opp punktvis. Heile revisjonsrapporten er, som tidlegare, eit vedlegg.

Dokument 1 – rekneskapsrevisjonen

På grunnlag av erfaringane med omlegginga av Dokument 3 har Riksrevisjonen også utarbeidd eit nytt format for rapporteringa av resultata frå den finansielle revisjonen og etterlevingsrevisjonen (rekneskapsrevisjonen). Formålet er å framheve dei viktigaste funna som er av særleg interesse for Stortinget. Det nye formatet skil klarare mellom kva departementa har ansvar for å følge opp, og kva underliggjande verksemder har ansvar for. Det blir også her lagt vekt på å gi tydelegare tilrådingar om nødvendige forbetringar, og hovudbodskapen i svaret frå statsråden blir referert i dokumentet, medan heile svaret følgjer som vedlegg. I arbeidet har Riksrevisjonen hatt møte med komitésekretærene og fleire rådgivarar i kontroll- og konstitusjonskomiteen for å få innspel til den nye utforminga. Det nye formatet blir brukt første gong ved rapporteringa av revisjonen for rekneskapsåret 2012, dvs. for Dokument 1 (2013–2014).

Ny form for rapportering til dei reviderte verksemdene om resultata frå rekneskapsrevisjonen

I samband med implementeringa av dei nye internasjonale standardane har Riksrevisjonen vedteke ei ny form for rapportering til dei reviderte verksemdene om resultata frå revisjonen. I tillegg til å revidere rekneskapen skal Riksrevisjonen kontrollere korleis verksemda disponerer tildelte budsjettmidlar. Dei tidlegare avsluttande revisjonsbrev er erstatta av eit brev som inneheld ei revisjonsmelding om den finansielle rekneskapen og ei vurdering av budsjett disponeringa gjennom revisjon av utvalde sakstilhøve.

Revisjonsmeldinga skal gi uttrykk for ei meining om rekneskapen til verksemda. Revisor gir ein konklusjon med atterhald i tilfelle der rekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, men der effekten på rekneskapen ikkje er gjennomgripande. Revisor

gir ein negativ konklusjon dersom rekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon som ein trur kan ha ein vesentleg og gjennomgripande verknad på rekneskapen. Dersom det ikkje er mogleg for revisor å innhente tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis og revisor vurderer at dette har ein vesentleg og gjennomgripande innverknad på rekneskapen, gir revisor ei fråsegn om at revisor ikkje kan uttale seg om rekneskapen.

Resultatet av kontrollen med budsjettdisponeringa blir rapportert i form av eigne etterlevingsrapportar for dei reviderte disposisjonane, der Riksrevisjonen konkluderer med vesentlege merknader. Etterlevingsrapportane følgjer brevet om resultatet av revisjonen.

Dei nye rapporteringsformene blir første gong tekne i bruk for rekneskapsåret 2012.

3.2 Generelt om revisjonsverksemda i 2012

Internasjonale standardar

Hausten 2010 vedtok kongressen for den internasjonale organisasjonen av riksrevisjonar, INTOSAI, nye internasjonale standardar for finansiell revisjon, etterlevingsrevisjon og forvaltningsrevisjon (ISSAI). Riksrevisjonen har ført vidare arbeidet med å implementere standardane, mellom anna å oppdatere interne revisjonsfaglege dokument.

Tips til Riksrevisjonen

Riksrevisjonen har ein elektronisk tipskanal på heimesida si. I 2012 blei det registrert rundt 210 tips, mot 276 i 2011. Dei fleste av tipsa gjeld tilhøve som ikkje kan karakteriserast som mislegheiter, men som likevel kan vere av verdi for revisjonen.

Undervisning, foredragsverksemd, seminar og liknande

Riksrevisjonen har bidrege med undervisning og foredrag i fleire samanhengar, mellom anna for forvaltninga, interesseorganisasjonar og andre revisjonsmiljø og etter førespurnad frå eksterne kursarrangørar. I 2012 heldt medarbeidarane i Riksrevisjonen over 30 revisjonsfaglege foredrag, og ei rekkje andre faglege foredrag, i eksterne forum.



Foto: Colourbox

Kommunikasjon

I 2012 arrangerte Riksrevisjonen åtte pressekonferansar i samband med offentliggjerding av dokument.

Mediestatistikken viser at omtalen av Riksrevisjonen var større i 2012 enn i 2011. Dei mest omtalte rapportane i 2012 dreidde seg om kontrollen med forvaltninga av statlege selskap for 2010, undersøkinga av korleis politiet arbeider med vinningskriminalitet, undersøkinga om effektiv ressursutnytting i NAV, undersøkinga av havbruksforvaltninga og rapporten om den årlege revisjonen og kontrollen for budsjettåret 2011. Den negative omtalen av Riksrevisjonen har gått ned frå 5 prosent i 2011 til 3 prosent i 2012. Dette støttar opp under dei gode resultatane frå opinionsundersøkinga som er omtalt i punkt 2.1.

Opinionsundersøkinga viser at journalistane er svært tilfredse med kommunikasjonsarbeidet til Riksrevisjonen. Høgast er scoren på spørsmålet om kunnskapen om aktuelle saker i informasjonsavdelinga. Riksrevisjonen scorar samla sett klart høgare enn det som er gjennomsnittet for statlege institusjonar. Spesielt gjeld det spørsmåla om oppsøkjande kommunikasjon, om evna til å uttale seg i klartekst, og om viljen til å fortelje om kritiske og problematiske saker. Samanlikna med dei andre statlege institusjonane scorar leiinga i Riksrevisjonen aller høgast på spørsmåla om i kor stor grad dei har evne og er villige til å kommunisere med pressa.

3.3 Rekneskapsrevisjon

Innhaldet i rekneskapsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal ved revisjon av rekneskapane kontrollere om rekneskapen gir eit riktig bilete av den økonomiske verksemda. Det omfattar å

- a) bekrefte at rekneskapane ikkje inneheld vesentlege feil og manglar
- b) kontrollere om disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader og med gjeldande regelverk, og om disposisjonane er akseptable ut frå normer og standardar for statleg økonomiforvaltning

Revisjonen for rekneskapsåret 2011

Den årlege finansielle revisjonen for rekneskapsåret 2011 omfatta 17 departement og Statsministerens kontor, med til saman 218 underliggjande etatar, i tillegg til Stortinget og tre verksemder som ligg under Stortinget.

Riksrevisjonen reviderte også

- rekneskapane til Garantikassen for fiskere og Likviditetsfondet i pensjonstrygden for fiskere
- bruk av fylkesvegmidlar som blir rekneskapsførte av Statens vegvesen (etter avtale) – det er sendt oppsummeringsbrev til 18 fylkesrevisjonar om resultatet av denne kontrollen
- dei kommunevise skatterekneskapane, som er delrekneskapar i den samla rekneskapen til skatteetaten

I tillegg gav Riksrevisjonen revisjonsmelding til seks nordiske verksemder og til FN-sambandet.

For rekneskapsåret 2011 sende Riksrevisjonen 200 avsluttande revisjonsbrev utan merknad og 24 avsluttande revisjonsbrev med merknad. Merknadene er knytte til rekneskapen og/eller gjennomføringa av disposisjonane som ligg til grunn for rekne-

skapen. Det blir ikkje sendt avsluttande revisjonsbrev til Statsministerens kontor og departementa.

Det generelle inntrykket er at statsforvaltninga fungerer på ein god måte, men at det er rom for ytterlegare forbedringar, mellom anna:

- Velfungerande ikt-løysingar er ein føresetnad for betre samhandling mellom dei ulike aktørane i forvaltninga og for betre kvalitet i den offentlege saksbehandlinga. Det blir rapportert om at oppgradering og modernisering av ulike system er i gang, og at det i mellomtida blir gjort manuelle og ressurskrevjande kontrollar for å kompensere for manglane. Riksrevisjonen stiller spørsmål ved om dei kompenserande kontrollane er gode nok til å redusere omfanget av feil og manglar.
- Det blir framleis lagt fram rekneskapar som ikkje lèt seg revidere på grunn av manglande dokumentasjon.
- Enkelte verksemder har ikkje etablert tilfredsstillande system for å kartleggje og vurdere risiko for svakare måloppnåing.
- Etterlevinga av innkjøpsregelverket kan framleis bli betre.

Brukarundersøking om rekneskapsrevisjonen

Resultata frå brukarundersøkinga om rekneskapsrevisjon for rekneskapsåret 2011 byggjer på svar frå 196 reviderte verksemder og departement. Tabell 2 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane. Alle dei fire måla er nådde med god margin. Resultata viser også ei gledeleg utvikling på to av måla, med ytterlegare forbedringar av resultatnivået frå året før.

Tabell 2 Resultatindikator og måloppnåing for rekneskapsrevisjonen

Resultatindikator	Måloppnåing		
	2012	2011	2010
Minst 80 % av forvaltninga opplever god dialog med Riksrevisjonen.	93 %	88 %	89 %
Minst 70 % av forvaltninga opplever at rettleiarrolla blir gjennomført på ein relevant og konstruktiv måte.	78 %	71 %	68 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	87 %	88 %	84 %
Minst 75 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	86 %	87 %	87 %

3.4 Selskapskontroll

Innhaldet i selskapskontrollen:

Riksrevisjonen vurderer gjennom selskapskontrollen mellom anna om dei statlege interessene i selskap m.m. blir forvalta i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader. Kontrollen skal kaste lys over tilhøve av stor samfunnsmessig eller prinsipiell interesse på bakgrunn av ei vurdering av risiko og kva som er vesentleg. Kontrollen blir utført ut frå desse kontrollperspektiva:

- etterleving av lover, reglar og vedtak
- varetaking av samfunnsoppgåver og sektorpolitiske mål
- effektiv og økonomisk forsvarleg drift
- korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen

Kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2011

Kontrollen for 2011 har omfatta 43 heileigde aksjeselskap, 26 deleigde aksjeselskap, 8 allmennaksjeselskap (ASA), 4 regionale helseføretak, 8 statsføretak, 6 selskap som er organiserte ved særskild lov, og 24 studentsamskipnader.

Riksrevisjonen hadde merknader til gjennomføringa av eigarpolitikken til regjeringa og til forvaltninga av statlege interesser i selskap og føretak under Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Fleire departement og verksemdar har eit stort potensial for å styrkje oppfølginga av økonomien, effektiviteten, samansetnaden og honoreringa av styra i selskapa. Nokre funn som kan nemnast, er:

- Eigarstyringa av omstillinga ved Oslo universitetssykehus var svak.
- Pasientar ventar ein god del lenger enn det statistikken viser.
- Kulturdepartementet bør styrkje oppfølginga av ressursutnyttinga i NRK.
- Det er svakheiter i økonomien og økonomioppfølginga i studentsamskipnadene.

Brukarundersøking om selskapskontrollen

Resultata frå brukarundersøkinga om selskapskontrollen for rekneskapsåret 2011 er utarbeidde på grunnlag av svar frå 24 respondentar – departement og statsføretak/selskap som har vore gjenstand for utvida kontroll. Tabell 3 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane.

Tabell 3 Resultatindikator og måloppnåing for selskapskontrollen			
Resultatindikator	Måloppnåing		
	2012	2011	2010
Minst 80 % av forvaltninga opplever god dialog med Riksrevisjonen.	84 %	83 %	86 %
Minst 70 % av forvaltninga opplever at rettleiarrolla blir gjennomført på ein relevant og konstruktiv måte.	57 %	55 %	69 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	71 %	76 %	76 %
Minst 75 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	82 %	75 %	81 %

Den beste måloppnåinga får dei utvida kontrollane på målet om god dialog med forvaltninga. Forvaltninga er i hovudsak fornøgd med informasjonen dei får, og meiner Riksrevisjonen kommuniserer på ein sakleg og balansert måte. I gjennomgangen av brukarundersøkingane er det likevel identifisert nokre forslag til ei ytterlegare styrking av kommunikasjonen.

Dårlegast og mest varierende resultat har det vore på målet om god rettleiing. Heller ikkje når det gjeld presentasjonen av revisjonsresultat, er måloppnåinga tilfredsstillande. Riksrevisjonen vil leggje vekt på desse momenta særskilt i tida framover. Som nemnt vurderer Riksrevisjonen å endre formatet for rapporteringa også av selskapskontrollen, på same måte som for Dokument 3 og Dokument 1, og håper at eit slikt grep kan gjere formidlinga av revisjonsresultata betre.

3.5 Forvaltningsrevisjon

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Stortingets vedtak og føresetnader skaffe relevant informasjon til Stortinget om iverksetjing og verknader av offentlege tiltak e.l., mellom anna

- a) om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Stortingets vedtak og føresetnader
- b) om ressursbruken og verkemidla i forvaltninga er effektive med tanke på måla som Stortinget har sett på området
- c) om regelverk fastsette av Stortinget blir etterlevde
- d) om styringsverktøya, verkemidla og regelverket til forvaltninga er effektive og formålstenlege når det gjeld å følgje opp Stortingets vedtak og føresetnader
- e) om avgjerdsgrunnlaget frå regjeringa til Stortinget er tilstrekkeleg
- f) om forvaltninga gjennomfører den vedtekte miljøpolitikken, slik at prinsippet om berekraftig utvikling og god forvaltning av naturressursane blir etterlevd

Forvaltningsrevisjon bør avgrensast til saker av prinsipiell, økonomisk eller stor samfunnsmessig interesse.

Forvaltningsrevisjonar som er slutførte i 2012

I 2012 sende Riksrevisjonen 15 forvaltningsrevisjonar til Stortinget. Desse forvaltningsrevisjonane dokumenterer svak måloppnåing, låg effektivitet og/eller svak forvaltningspraksis på dei undersøkte områda. På ulike måtar er det også eit gjennomgåande tema at forvaltninga bør tilpasse styringa, oppfølginga og kontrollen betre til dei måla og krava som gjeld for verksemda eller området. På mange område er det påvist behov for å forbetre styringsinformasjonen og styringsdialogen. Vidare er styringsinformasjonen ofte ikkje tilpassa dei langsiktige måla og oppgåvene til verksemda, noko som gjer det vanskeleg for forvaltninga å nå dei langsiktige måla. Konsekvensane blir i mange tilfelle ubalanse mellom forventningane hos brukarane og gjennomføringsevna til forvaltninga. I tillegg er evna til å erkjenne risiko ved å tilpasse styringa og setje i verk tiltak ofte utilstrekkeleg. I fleire av revisjonane er det påvist behov for å styrkje samarbeidet og koordineringa mellom ulike delar av statsforvaltninga og/eller på tvers av forvaltningsnivåa.

Oversikt over alle forvaltningsrevisjonane som blei sende til Stortinget i 2012, finst i vedlegg 3. Vedlegg 4 gir ei oversikt over påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2013.

To forvaltningsrevisjonar blei i løpet av 2012 stoppa etter foranalysen. Undersøkinga av ressursbruken i politiet blei stoppa fordi temaet er utførleg behandla i rapporten frå 22. juli-kommisjonen, som blei lagd fram 13. august 2012. Undersøkinga av korleis prioriteringsforskrifta blir praktisert, blei stoppa fordi Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med lovendringar som direkte påverkar relevansen av undersøkinga.



Administrative rapportar i 2012

Enkelte forvaltningsrevisjonar har funn som er av mindre alvorleg karakter. Dei blir difor ikkje sende til Stortinget som eiga sak, men trykte i ein administrativ rapportserie og sende til kontroll- og konstitusjonskomiteen, den aktuelle fagkomiteen og dei aktuelle departementa til orientering.

Det blei utarbeidd éin administrativ rapport i 2012. Rapporten handla om kontrollen med systemet for klimavotar og er ein del

av ein samarbeidsrevisjon av klimakvotar mellom riksrevisjonane i Danmark, Finland, Latvia, Litauen, Polen og Noreg. Rapporten er difor utarbeidd på engelsk.

Forbetringar i forvaltninga

Riksrevisjonen følgjer opp alle forvaltningsrevisjonar som er behandla i Stortinget, ved å kontrollere at forvaltninga har sett i verk tiltak for å rette opp påviste manglar. Dette skjer normalt tre år etter stortingsbehandlinga. Resultata blir presenterte for Stortinget i det årlege Dokument 3:1.

Dokument 3:1 (2012–2013) handlar om oppfølginga av 14 forvaltningsrevisjonar. For 12 av sakene viser oppfølginga at forvaltninga har gjort forbetringar, og sakene er avslutta. Forbetringane er mellom anna

- klare forbetringar i sporbarheita i den løpande styringsdialogen mellom Forsvarsdepartementet og Forsvaret
- styrkt oppfølging av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Noreg
- forbetra måling og evaluering av den humanitære innsatsen i norsk humanitær bistand
- forenkla verkemiddelportefølje hos Innovasjon Noreg og betre koordinert styring av selskapet frå departementa si side
- auka ressursdel til DPS i psykisk helsevern for vaksne
- at saksbehandlingstidene for marknadsføringsløyve i Legemiddelverket hovudsakleg har vore innanfor tidsfristane gitt i forskrift

Brukarundersøking om forvaltningsrevisjonen

Resultata frå brukarundersøkinga i 2012 om forvaltningsrevisjonen er utarbeidde på grunnlag av 16 rapportar og svar frå 26 respondentar – i 17 departement og 9 verksemdar.

Tabell 4 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane. Forvaltningsrevisjonen når måla på to av dei fire målområda. Dei dårlegaste og mest varierende resultata har vore på målet om god rettleiing. Heller ikkje når det gjeld presentasjon av revisjonsresultat, er måloppnåinga tilfredsstillande. Riksrevisjonen har tru på at det nye formatet for Dokument 3 vil gjere formidlinga av revisjonsresultata betre. Samtidig vil Riksrevisjonen leggje vekt på at resultata av revisjonen blir presenterte på ein balansert måte.

Tabell 4 Resultatindikator og måloppnåing for forvaltningsrevisjonen			
Resultatindikator	Måloppnåing		
	2012	2011	2010
Minst 80 % av forvaltninga opplever god dialog med Riksrevisjonen.	90 %	88 %	89 %
Minst 70 % av forvaltninga opplever at rettleiarrolla blir gjennomført på ein relevant og konstruktiv måte.	63 %	74 %	68 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	74 %	83 %	72 %
Minst 75 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	79 %	83 %	78 %

4 Internasjonale aktivitetar

Riksrevisjonen har som strategisk mål for det internasjonale engasjementet å vere ein leiande aktør innan utvikling av offentleg revisjon internasjonalt.

4.1 Internasjonale revisjonsoppdrag

Riksrevisjonen har som mål aktivt å søkje oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar som er viktige for Noreg. I tråd med prinsippa til INTOSAI ønskjer Riksrevisjonen gjennom dette arbeidet å påverke til større openheit og betre forvaltning i dei mange internasjonale organisasjonane som Noreg er medlem av.

Riksrevisjonen har som intensjon kontinuerleg å ha fem–åtte oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar. I 2012 hadde Riksrevisjonen desse revisjonsoppdraga:

- **NATOs revisjonsråd**
Éin medlem frå Riksrevisjonen gjekk inn i NATOs revisjonsråd for fire år med verknad frå 1. september 2010.
- **EFTAs overvakingsorgan (ESA), EFTA-domstolen og EFTA-sekretariatet og EØS-overføringane til nye EU-medlemmer**
Riksrevisjonen har sidan 1992 vore medlem av EFTA Board of Auditors (EBOA). Ein ny medlem frå Riksrevisjonen blei nemnd opp frå 1. januar 2012 og er vald som leiar av EBOA.
- **Det europeiske laboratoriet for molekylærbiologi (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC) og Den europeiske organisasjonen for molekylærbiologi (EMBO)**
Riksrevisjonen er nemnd opp som ekstern revisor for rekneskapsåra 2007–2012.
- **INTERPOL – International Criminal Police Organization**
Riksrevisjonen blei i november 2010 nemnd opp som ekstern revisor for INTERPOL. Oppdraget er for tre år (rekneskapsåra 2010–2012) og kan fornyast for ytterlegare tre år.
- **Det internasjonale byrået for fornybar energi (IRENA)**
Riksrevisjonen tok på seg å revidere 2010-rekneskapen for komiteen som førebudde etableringa av International Renewable Energy Agency, med hovudsete i Abu Dhabi i Dei arabiske emirata. Ved årsskiftet 2011/2012 blei Riksrevisjonen vald som ekstern revisor for rekneskapsåra 2011 og 2012.
- **Nordic Optical Telescope Scientific Association (NOTSA)**
NOTSA er formelt ei svensk stifting, grunnlagd i 1984 som ein non-profit-organisasjon. Revisjonsansvaret har gått på omgang mellom riksrevisjonane i dei nordiske landa. Riksrevisjonen begynte på oppdraget som revisor i 2011 og skal ha revisjonsansvaret i fire år, dvs. for rekneskapsåra 2010–2013.

4.2 Fagfellevurderingar

Fagfellevurderingar (peer reviews) er eit nyttig verktøy for riksrevisjonar for å få gjennomført revisjonsfaglege og institusjonelle vurderingar av revisjonspraksis og eigen organisasjon. Team som er sette saman av andre riksrevisjonar, gir nyttige vurderingar og tilrådingar som riksrevisjonane kan bruke for å betre revisjonen sin og for å få meir effektive og fokuserte organisasjonar. Den norske riksrevisjonen blir ofte spurd om å delta i og også leie slike fagfellevurderingar, og har opparbeidd verdifull erfaring på området. Erfaringa viser òg at dei revisorane som deltek i slike institusjonsgjennomgangar, tileignar seg stort fagleg utbyte og læring.

I 2012 avslutta Riksrevisjonen leiinga av eit internasjonalt team som gjennomførte fagfellevurderinga av den finske riksrevisjonen. Riksrevisjonen har i 2012 også delteke i fagfellevurdering av forvaltningsrevisjonen i den islandske riksrevisjonen.

4.3 Deltaking i den globale organisasjonen av riksrevisjonar (INTOSAI)

Riksrevisjonen er medlem av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions) og den regionale organisasjonen for Europa, EUROSAI (European Organisation of Supreme Audit Institutions). INTOSAI er etablert for å vere ein møteplass for utveksling av idear og erfaringar mellom riksrevisjonar. Organisasjonen skal bidra til å fremme den faglege utviklinga av revisjonsfaget innan offentleg revisjon. Riksrevisjonen spelar i dag ei viktig rolle i INTOSAI, og riksrevisoren er medlem av styret i INTOSAI og av finans- og administrasjonskomiteen i organisasjonen.

Utvikling og implementering av internasjonale standardar for offentleg revisjon

INTOSAI har vedteke eit felles rammeverk for standardar og retningslinjer for offentleg revisjon som gjer det mogleg for alle riksrevisjonar å utføre revisjon etter dei same standardane. Riksrevisjonen har tidlegare vore med på å utvikle dei internasjonale standardane (ISSAI) for dei ulike revisjonstypene, og er òg med i arbeidet med å implementere dette rammeverket.

INTOSAI har halde fram arbeidet med å utvikle rammeverket. Hausten 2013 vil kongressen for INTOSAI vedta grunnleggjande prinsipp for offentleg revisjon – mellom anna for finansiell revisjon, etterlevingsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Alle standardane er no lagde ut på heimesidene til INTOSAI for kommentarar. Høyringsprosessen skal avsluttast våren 2013, og standardane skal vere klare for avgjerd på kongressen hausten 2013.

Riksrevisjonen er med på implementeringa av standardane og retningslinjene som rettleiar og foredragshaldar på internasjonale seminar for offentleg revisjon, både multinasjonalt og bilateralt.

Riksrevisjonen leier komiteen i INTOSAI som har ansvar for å utarbeide og halde ved like standardar for etterlevingsrevisjon (Compliance Audit). Komiteen har i 2012 lagt vekt på å bidra i implementeringa av standardane på verdsbasis og å utarbeide ein ny ISSAI med grunnleggjande prinsipp for etterlevingsrevisjon. Riksrevisjonen er òg medlem av komiteane for forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon.

Ikt-revisjon

Riksrevisjonen har også i 2012 hatt koordineringsansvar for eit prosjekt innan miljøansvarleg, berekraftig informasjonsteknologi (Green IT) og delteke i prosjekt knytte til nettskya (Cloud Computing) og optimalisering av ikt-ressursar i offentleg sektor.



Foto: morgueFile

I 2012 har den europeiske ikt-arbeidsgruppa bistått medlemmene med å gjere ei eigenvurdering av korleis ikt-revisjon er organisert og utført i riksrevisjonar, og Riksrevisjonen har vore med på å oppdatere rammeverket for eigenvurderingar.


Miljørevisjon

I miljøarbeidsgruppa til INTOSAI har Noreg i 2012 hatt ansvaret for å leie eit prosjekt for utarbeiding av ein rettleiar om integrering av perspektivet om mislegheiter i revisjon av miljø- og ressursforvaltning. Rettleiaren skal publiserast i juni 2013.

Riksrevisjonen har leidd arbeidsgruppa for miljørevisjon i den europeiske paraply-organisasjonen for riksrevisjonar, EUROSAI, sidan 2008. Formannskaps- og sekretariatsfunksjonen inneber å vere pådrivar og tilretteleggjar for miljørevisjon og informasjonsutveksling, hjelpe til med metodeutvikling og kompetansebygging innan miljørevisjon og bidra til formidling og nettverksbygging internt i arbeidsgruppa og med eksterne fagmiljø. I 2012 har det vore fokusert på revisjon av berekraftig utvikling, revisjon av skog- og fiskeriforvaltning og tilgang til og bruk av miljødata i revisjon. Eitt av satsingsområda i arbeidsgruppa er samarbeidsrevisjonar, og det er fleire fellesrevisjonar mellom europeiske riksrevisjonar på miljøområdet. Noreg deltek i fleire av desse revisjonane og har leidd to av dei nyleg avslutta samarbeidsrevisjonane.



I samarbeidsrevisjonen *Adaptation to climate change – are governments prepared?* deltok ni riksrevisjonar – riksrevisjonane i Austerrike, Bulgaria, Kypros, Malta, Nederland, Noreg, Russland, Ukraina og Den europeiske revisjonsretten (ECA). Tema for revisjonen var korleis styresmaktene arbeider med tilpassing til klimaendringar. Rapporten blei offentleggjort på FN's klimakonferanse i november 2012.



Den andre samarbeidsrevisjonen, *Emissions trading to limit climate change: Does it work?*, blei leidd av den norske riksrevisjonen i samarbeid med den danske. I undersøkinga har landa vurdert implementeringa av EUs klimakvotestystem og dei prosjektbaserte mekanismene under Kyoto-protokollen, i tillegg til kva effekt EUs kvotestystem har hatt på reduksjonar i nasjonale klimagassutslepp og teknologiutvikling. Danmark, Finland, Latvia, Litauen, Noreg, Polen og Sverige har delteke i samarbeidsrevisjonen. Rapporten blei offentleggjort i desember 2012.

Noreg har òg delteke i ein samarbeidsrevisjon om kontroll med avfallseksport, leidd av riksrevisjonen i Nederland. Denne rapporten blir publisert i 2013.

Institusjonsutvikling av riksrevisjonar

Riksrevisjonen blei i 2006 medlem av INTOSAI arbeidsgruppe for institusjonsutvikling av riksrevisjonar for å styrkje kompetansen sin i samband med at denne typen utviklingssamarbeid blei eit satsingsområde for Riksrevisjonen. Gruppa har utvikla fleire rettleingar for korleis ein best utviklar riksrevisjonar og stimulerer til større grad av samordning av kapasitetsbyggingsaktivitetar mellom medlemmene i INTOSAI. Gruppa jobbar tett med IDIs sekretariat for samarbeidet mellom INTOSAI og givarsamfunnet for å sikre samarbeid og best mogleg koordinering og implementering av aktivitetane. Arbeidsgruppa fungerer som ein møteplass for INTOSAI regionar og gir nyttige innspel om arbeidet INTOSAI gjer for å heve kapasiteten til medlemmene.

Revisjon av katastrofehjelp

Arbeidsgruppa blei etablert etter tsunamikatastrofen i Sørøst-Asia i 2004. På grunn av manglande nasjonal og internasjonal oversikt over pengane som blir tilbydde og utbetalte ved slike katastrofar, er det behov for å koordinere revisjonsarbeidet mellom fleire riksrevisjonar. Den første delen, der Riksrevisjonen har utarbeidd delproduktet "God praksis for finansiell rapportering", blei presentert hausten 2011. Utarbeidinga av god praksis og rettleiing for revisjon av katastrofehjelp blei slutført i 2012. Riksrevisjonen har no, i samsvar med planen, avslutta medlemskapen i gruppa.

4.4 Regionalt samarbeid

Det nordiske samarbeidet består av riksrevisjonane i Danmark, Sverige, Finland, Færøyane, Island og Noreg. Samarbeidet går føre seg på både riksrevisor- og ekspertnivå. Temaet i 2012 var erfaringar med implementering av dei nye standardane for offentlig revisjon.

Det nordisk-baltisk-polske samarbeidet består av riksrevisjonane i Danmark, Sverige, Finland, Noreg, Estland, Litauen, Latvia og Polen. Hovudvekta har i 2012 vore på revisjon av CO₂-utslepp, revisjon av nasjonalparkar og EU-revisjon. Samarbeidet tok i 2011 initiativ til ein felles revisjon av nasjonalparkar. Armenia, Bulgaria, Danmark, Kroatia, Litauen (koordinator), Noreg, Polen og Ukraina har forplikta seg til å delta i revisjonen. Det nasjonale arbeidet skal utførast i 2013, og den internasjonale fellesrapporteringa er planlagt i 2014.

4.5 Anna revisjonssamarbeid

Parallellrevisjon av Arktisk råd

Den norske og den russiske riksrevisoren tok i 2011 initiativ til ein felles revisjon av Arktisk råd. Målet med undersøkinga er å kaste lys over i kva grad styresmaktene i medlemslanda følgjer opp Arktisk råd og utfordringane knytte til miljø og berekraftig utvikling i Arktis. I 2012 blei det utarbeidd ein strategisk plan som Danmark, Sverige og USA underteikna saman med Russland og Noreg. Canada og Finland har slutta seg til arbeidet som observatørar. Russisk og norsk riksrevisjon koordinerer arbeidet. Det nasjonale arbeidet skal utførast i 2013, og den internasjonale fellesrapporteringa er planlagt i 2014. Dei felles vurderingane skal summerast opp i eit eige dokument, eit memorandum, som skal underteiknast av dei landa som inngår i revisjonen.

5 Bistand til utvikling av riksrevisjonar i andre land

Målet for utviklingssamarbeidet er å bistå riksrevisjonar i utviklingsland og overgangsland, slik at dei kan bidra meir effektivt til å fremme godt styresett. I dette arbeidet tek Riksrevisjonen utgangspunkt i dei internasjonale standardane for offentlig revisjon, i tillegg til døme på velfungerande regionale løysingar, og gir opplæring og rettleiing innan ulike revisjonsformer og styrking av institusjonane.

5.1 Institusjonelle samarbeidsprosjekt

Riksrevisjonen hadde i 2012 samarbeid med riksrevisjonane i Makedonia, Malawi, Nepal, Uganda og Zambia og ein institusjonell partnerskap med sekretariatet for engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika (AFROSAI-E). Samarbeidet med riksrevisjonen i Serbia blei avvikla i 2012, på bakgrunn av at landet no har inngått eit omfattande samarbeid med EU.

Ein del av bistanden blir gitt gjennom rådgivarar frå Riksrevisjonen som arbeider i andre riksrevisjonar/samanslutningar over fleire år. Det gjeld bistanden til Malawi, Zambia og AFROSAI-E. Resten av bistanden blir gitt i form av korttidsoppdrag som varer nokre veker.

Zambisk riksrevisjon

Riksrevisjonen har dei fire siste åra gitt høg prioritet til bistand for å styrkje kapasiteten innanfor forvaltningsrevisjon i den zambiske riksrevisjonen. Fleire forvaltningsrevisjonsrapportar er sidan 2010 lagde fram for parlamentet og er blitt godt tekne imot både av det zambiske parlamentet og av allmenta. Riksrevisjonen er òg med i eit prosjekt for å forbetre inntektsrevisjonen i den zambiske riksrevisjonen, eit prosjekt der også zambiske og norske skattestyresmakter deltek. I tillegg omfattar samarbeidet støtte til å styrkje det juridiske rammeverket deira, og til å utvikle ikt-revisjon og eit intranett for riksrevisjonen i Zambia.

Malawisk riksrevisjon

Samarbeidet i Malawi har vart sidan 2007, med bruk av tilsette i Riksrevisjonen både innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, ikt-kompetanse, leiing og organisasjonsstyrking. Til tross for relativt god fagleg framgang, særleg innan forvaltningsrevisjon, såg Riksrevisjonen seg nøydd til å fryse samarbeidet medio 2012 som følgje av svikt i leiinga og mistanke om regelbrot internt i den malawiske riksrevisjonen. Den malawiske riksrevisoren gjekk av i august etter press frå den nye presidenten i landet, og ny riksrevisor er enno ikkje utnemnd av parlamentet. Det står att å sjå om den nye presidenten i Malawi vil bidra til reformer i finanssektoren og auka støtte og uavhengigheit til den malawiske riksrevisjonen – noko som er føresetnader for at Riksrevisjonen kan ta opp att samarbeidet.

Nepalsk riksrevisjon

Den nepalske riksrevisjonen samarbeider med Riksrevisjonen om mellom anna lovutforming, strategisk planlegging, rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I 2012 har samarbeidet særleg dreidd seg om hjelp til å forbetre manualar og retningslinjer for både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Riksrevisjonen samarbeider også

med Verdsbanken i styrkinga av riksrevisjonen i Nepal. Riksrevisjonen i Nepal inngår i eit større prosjekt Verdsbanken har sett i gang for å styrkje den offentlege finansforvaltninga i Nepal.

Engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika – AFROSAI-E

AFROSAI-E er ein samanslutnad av engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika, og sekretariatet har base i Sør-Afrika. AFROSAI-E omfattar 24 land, etter at også Sør-Sudan blei medlem i 2012. AFROSAI-E bidreg på fleire måtar til institusjonsutvikling, og er sentral i utarbeiding av handbøker, kvalitetssikring og styrking av posisjonen til riksrevisjonane i medlemslanda. Frå norsk side har Riksrevisjonen bidrege til kurs i forvaltningsrevisjon, utvikling av elektroniske støtteverktøy i revisjon, utvikling av ein manual for kvalitetssikring av revisjonen og gjennomføring av kvalitetsgjennomgangar, i tillegg til utarbeiding av ein rettleiar for revisjon av petroleumsressursar. Desse produkta kjem som følgje av etterspurnad frå mange afrikanske land, og vil kunne bidra til høgare kompetanse og betre revisjon av viktige samfunnsområde. Eit fagleg sterkt og velrenommert AFROSAI-E legg også tilhøva betre til rette for det bilaterale samarbeidet Riksrevisjonen har i regionen.

Petroleumsrevisjon/Uganda

Riksrevisjonen utviklar for tida eit "petroleumsprogram". Formålet er å bistå riksrevisjonar i utviklingsland der petroleumsrevisjon er relevant. Programmet blir utvikla i tett dialog med Olje for utvikling-programmet og internasjonale og regionale aktørar som AFROSAI-E. Uganda er pilot for programmet, og Riksrevisjonen inngjekk i oktober 2012 eit treårig samarbeid med riksrevisjonen i Uganda om støtte til petroleumsrevisjon. Samarbeidet omfattar i første omgang overordna risikovurderingar og støtte til planlegging og gjennomføring av revisjonar av statlege avtalar med oljeselskapa (Production Sharing Agreements – PSA). I løpet av neste år vil samarbeidet dessutan omfatte utvikling av standardprosedyrar for PSA-revisjon og miljørevisjon.



Foto: Riksrevisjonen

Makedonsk riksrevisjon

Riksrevisjonen inngjekk i september 2012 eit treårig samarbeid med riksrevisjonen i Makedonia, på bakgrunn av søknad frå den makedonske riksrevisjonen til IDIs givarsekretariatet (sjå nedanfor). Samarbeidet med riksrevisjonen i Makedonia er relativt smalt og dreier seg om utvikling av ikt-infrastruktur og innføring av eit elektronisk revisjonsstøtteverktøy i organisasjonen.

5.2 Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)

IDI er INTOSAIs organ for bistand til og utvikling av riksrevisjonar. Utviklingssamarbeidet skal vere tett kopla til det arbeidet IDI gjer for utvikling av riksrevisjonar i utviklingsland. Dette er eit godt samarbeid, som er utvikla vidare i 2012, og søknadsmengda til givarsekretariatet i IDI viser at det er stort behov for støtte til institusjonsutvikling. Riksrevisjonen har forplikta seg til å ta på seg ein del av desse oppgåvene, og vurderer fortløpande prosjekt som blir melde inn til givarsekretariatet.

6 Dei tilsette i Riksrevisjonen

6.1 Personale og arbeidsmiljø

Kjønnsfordeling

Statistikken viser at kjønnsfordelinga i Riksrevisjonen framleis tilfredsstiller krava i likestillingslova og hovudavtalen i staten. I 2012 var 57,8 prosent av dei tilsette i Riksrevisjonen kvinner. Det er færrest kvinner – 46,7 prosent – i den yngste aldersgruppa (20–29 år).

I 2012 var kravet om 40 prosents representasjon av begge kjønn innfridd på toppleiar-nivå og i saksbehandlargruppa. I mellomleiargruppa er 39,2 prosent kvinner, og det er framleis berre kvinner i stillingskategorien konsulentar. Det er 90 prosent kvinner blant reinhaldspersonalet, og det er berre menn blant driftsteknikarane. Ved rekrut-tering er Riksrevisjonen merksam på kjønnsfordelinga i desse gruppene.

Det er liten lønnsforskjell mellom kvinner og menn. På mellomleiar-nivå tener kvinner 1,5 prosent meir enn menn. I saksbehandlargruppa totalt sett er lønnsnivået likt.

Berre eit fåtal medarbeidarar har varig redusert stillingsdel, og det er relativt fleire kvinner (8,8 prosent) enn menn (3,6 prosent) som har redusert stilling. I aldersgruppa under 50 år er det berre kvinner som jobbar fast deltid. Det blir utlyst berre heiltids-stillingar, men det blir lagt til rette for deltidsarbeid dersom ein medarbeidar har behov for det.

Mangfald

Samspels- og omdømmeverdiene i Riksrevisjonen dannar grunnlag og angir sentrale mål for personalpolitikken. Likeverdet mellom medarbeidarane er forankra i personal-politikken og er uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, trusvedkjenning, kulturelle forskjellar og seksuell legning. Gjennom tilpassingsavtalen forpliktar Riksrevisjonen seg til å leggje til rette for mangfald blant dei tilsette, særleg med tanke på kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder. Riksrevisjonen har eit eige likestillings- og mang-faldsråd, som skal bidra til at arbeidet med likestilling og mangfald blir praktisert etter føresetnadene i regelverk og avtalar.

Elektroniske søknadsverktøy gir søkjarar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne høve til å be om ei særskild vurdering av søknaden. Nødvendig utstyr blir stilt til rådvelde for medarbeidarar med spesielle behov for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen.

I 2012 gjennomførte likestillings- og mangfaldsrådet ei undersøking blant medarbeidar-ane om motivasjonen for å søkje leiarstillingar. Bakgrunnen for undersøkinga var at Riksrevisjonen over fleire år ikkje har nådd målet om minst 40 prosent kvinner i mellomleiargruppa. Undersøkinga viste at kvinner i større grad enn menn oppgir omsorgsoppgåver og manglande leiarkompetanse som årsaker til at dei ikkje søker leiarstillingar. På spørsmål om kva tiltak medarbeidarane ville føretrekkje for å utvikle leiarferdigheiter, viste svara små forskjellar mellom kjønna. Resultata av undersøkinga inngår i grunnlaget for arbeidet med strategisk plan for 2014–2018.

Alderssamansetnad og seniorarbeid

Tabell 5 viser alderssamansetnaden per 31. desember 2012. Alderssamansetnaden blant dei tilsette har vore relativt stabil dei siste åra.

Tabell 5 Alderssamansetnad per 31. desember 2012	
Alder	Prosent
20–29 år	5,6
30–39 år	25,4
40–49 år	29,0
50–59 år	27,1
60 år og over	12,8

Riksrevisjonen innførte nye seniorordningar i 2009. Tiltaka har som mål å stimulere seniorar til å utsetje pensjoneringa. Gjennomsnittsalderen for alderspensjonering var i 2008 63,5 år, medan han i 2011 hadde auka til 67,3 år. I 2012 var gjennomsnittsalderen for pensjonering 65,3 år.

Nytilsetjingar og fråtredingar

I 2012 blei det tilsett 28 nye medarbeidarar. Av dei var 15 kvinner og 13 menn. Fråtrøding (pensjonering ikkje medrekna) utgjorde dette året 5,4 prosent, mot 5,9 prosent i 2011 og 4,4 prosent i 2010. For å marknadsføre verksemda og sikre kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar deltek Riksrevisjonen på karrieredagar og held presentasjonar om Riksrevisjonen som arbeidsplass på universitet og høgskolar.

Sjukefråvær

Sjukefråværet utgjorde i 2012 4,5 prosent av det totale talet på dagsverk, mot 4,4 prosent i 2011. Riksrevisjonen er ei IA-verksemd. Bedriftshelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar i arbeidet med både oppfølging av sjukefråvær og førebygging og tilrettelegging innan arbeid og helse.

Rekrutteringsstrategi

Det blei i 2012 vedteke ein rekrutteringsstrategi som blir lagd til grunn for rekrutteringsarbeidet. Nokre nye verktøy og metodar i samsvar med strategien har vore prøvde ut.

Arbeidsmiljø

Riksrevisjonen legg stor vekt på å ha eit godt arbeidsmiljø. I 2012 blei det gjennomført ei større arbeidsmiljøundersøking (Avant) i heile Riksrevisjonen. Det er gledeleg å konstatere at Riksrevisjonen hadde betre resultat enn gjennomsnittet av alle tidlegare Avant-brukarar. Særleg var medarbeidarane godt fornøgde med det fysiske arbeidsmiljøet og korleis det blir lagt til rette for behova til den enkelte medarbeidaren i ulike livsfasar. Dei svakaste resultatane i undersøkinga var knytte til spørsmål om leiing og planlegging av arbeidet. Sjølv om Riksrevisjonen også her hadde betre resultat enn gjennomsnittet, er dette noko av det Riksrevisjonen vil jobbe med i oppfølginga av undersøkinga. Resultata på verksemds- og avdelingsnivå blei presenterte for alle tilsette i november 2012, og skal følgjast opp i 2013.

Arbeidsmiljøutvalet har ei sentral rolle i dette arbeidet, som i alt anna arbeid der arbeidsmiljø er tema. Retningslinjene for gjennomføring av vernerundar blei diskuterte i arbeidsmiljøutvalet og deretter justerte og informerte om til alle leiarar og tilsette. Hovudverneombodet deltek på møte i arbeidsmiljøutvalet og i møte mellom administrasjonsavdelinga og tenestemannsorganisasjonane.



Foto: Difi

I tråd med krava i arbeidsmiljølova er det etablert retningslinjer for varsling om kritikkverdige tilhøve i eiga verksemd. Det er oppretta ei eiga varslingsgruppe som ligg under arbeidsmiljøutvalet. Gruppa kan ta imot varsel om kritikkverdige tilhøve internt. Gruppa fekk ingen slike varsel i 2012.

Arbeidsmiljøutvalet følgjer opp alle tilhøve som gjeld endringar og utviklingsprosjekt i verksemda som har med arbeidsmiljøet å gjere. I 2012 har arbeidsmiljøutvalet hatt ansvar for å gjennomføre den større arbeidsmiljøundersøkinga og å sørgje for at resultata blir følgde opp på alle nivå i verksemda.

6.2 Kompetanse

Kompetansesamansetnad og -utvikling

Godt kvalifiserte medarbeidarar med variert utdanningsbakgrunn er det viktigaste fundamentet for verksemda til Riksrevisjonen. Riksrevisjonen satsar difor bevisst på å rekruttere medarbeidarar med god kompetanse og på å leggje til rette for opplæring og utvikling som er med på å sikre at oppgåvene kan løysast på ein god måte. Den faglege bakgrunnen og kompetansen til medarbeidarane i Riksrevisjonen er variert og inkluderer mellom anna revisjon, økonomi, juss og ulike samfunnsvitskapar.

Intern kompetansebygging er viktig, mellom anna fordi det i dag ikkje er noko tilbod om formell utdanning i offentleg revisjon, jf. omtale nedanfor. Alle nye revisjonsmedarbeidarar i Riksrevisjonen begynner ved tiltredinga på eit toårig opplæringsprogram innanfor den revisjonsforma dei jobbar med. Medarbeidarar som ikkje er omfatta av dei toårige opplæringsprogramma for nytilsette, skal kvart år gjennomføre minst 35 timar med arbeidsrelaterte kompetanseutviklingstiltak. Denne ordninga har som formål både å stimulere til og å tilby stadig kompetanse- og eigenutvikling.

I 2012 fekk alle tilsette og leiarar ei svært omfattande opplæring i nye internasjonale revisjonsstandardar, nytt revisjonsstøtteverktøy og elektronisk saksbehandling. I tillegg blei det arrangert ca. 30 meir spesifikke interne fagkurs. Kursa har vore

retta mot ulike grupper av tilsette i Riksrevisjonen – tilsette som jobbar med revisjon, tilsette som jobbar med administrasjon, og leiarar.

Det blir kvart år gitt stipend til etter- og vidareutdanning, basert på søknad frå den enkelte tilsette. Utdanninga skjer hovudsakleg ved universitet og høgskolar. Ved tildelinga hausten 2012, for studieåret 2013–2014, fekk åtte medarbeidarar stipend. Det er færre enn tidlegare år, da Riksrevisjonen no satsar på å dekkje kompetansebehovet primært gjennom vidareutdanningsprogrammet i offentleg revisjon, jf. eigen omtale under.

Som ledd i å oppnå auka kompetanse og betre kjennskap til dei ulike revisjonstypene er det også eit mål å auke den interne mobiliteten. Dei tilsette i Riksrevisjonen får høve til å hospitere for å auke kompetansen sin – anten i andre avdelingar og seksjonar internt, i andre norske organisasjonar, i forvaltninga eller i internasjonale organisasjonar.

Vidareutdanning innan offentleg revisjon

Riksrevisjonen samarbeider med Norges kommunerevisorforbund om å etablere eit vidareutdanningsprogram i offentleg revisjon. Formålet med ei slik utdanning er å styrkje kvaliteten på offentleg revisjon gjennom å skape eit felles fagleg grunnlag. Internasjonalt er offentleg revisjon i ferd med å etablere seg som ein eigen profesjon med sterk akademisk og forskingsmessig forankring, med tilhøyrande utdannings-tilbod og sertifiserings-/autorisasjonsordningar.

Vidareutdanninga skal gi studentane spesialiserte kunnskapar og ferdigheiter innanfor gjeldande standardar og metodikk for offentleg revisjon, styring og leiing av politisk styrte organisasjonar, effektevalueringar, kompetanse innanfor statleg og kommunalt budsjett og rekneskapsarbeid, økonomi og sentrale lover for offentleg verksemd.

Oppdraget med å levere tilbod til utdanningsprogrammet blei lyst ut våren 2012, og Noregs Handelshøgskole (NHH) er vald som samarbeidspartnar. I tilbodet frå NHH inngår også faglege ressursar frå Universitetet i Bergen og Universitetet i Nordland. Vidareutdanninga startar opp hausten 2013.

Kompetansegrupper

Riksrevisjonen har fire kompetansegrupper som har som oppgåve å sikre systematisk oppbygging og deling av kompetanse innanfor desse fagområda:

- revisjon av offentlege innkjøp
- ikt-revisjon
- førebygging og avdekking av mislegheiter
- mål- og resultatstyring

I kompetansegruppene deltek representantar frå både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Gruppene gir mellom anna råd og hjelp i konkrete revisjonsoppgåver, utviklar rettleiingar og anna støttmateriell, gjennomfører kurs og anna opplæring og formidlar informasjon om nyheiter innanfor sine fagområde.

Riksrevisjonen inngjekk i 2012 ein samarbeidsavtale med Skatteetaten om samarbeid, kompetansedeling og utveksling av informasjon, og 15. januar 2013 blei ein tilsvarende avtale inngått med Nasjonal tryggleiksmyndigheit. Oppfølginga av desse avtalane er lagd til høvesvis kompetansegruppa for mislegheiter og kompetansegruppa for ikt-revisjon.

Interne arrangement

Det blir halde månadlege allmøte der riksrevisor orienterer om aktuelle saker. Det blir òg arrangert jamlege temamøte – Fagleg forum – for dei tilsette, med både interne og eksterne foredragshaldarar. I 2012 blei det arrangert til saman ni slike møte. Tema på møta har mellom anna vore informasjonstryggleik, offentlege innkjøp, korrupsjon og personvern. For å bidra til utvikling av leiinga i Riksrevisjonen blir det i tillegg arrangert leiarfrukostar der det blir teke opp tema innan leiing og aktuelle utfordringar.

7 Styring, administrasjon og interne aktiviteter

7.1 Styringa i Riksrevisjonen

Styringssystemet

Til dei strategiske måla som er nemnde i kapittel 2, er det utforma operasjonelle mål som konkretiserer ambisjonane for perioden. Organisasjonen har gjennomført risikovurderingar i samband med dei operasjonelle måla og utforma korresponderande tiltak. Det er også utarbeidd eit sett av resultatindikatorar, som gjer det mogleg for leiinga å følgje opp at måla i strategisk plan blir nådde.

Strategisk plan har ein horisont på fire år. I tillegg blir det utarbeidd årlege verksemdsplanar, som av omsyn til revisjonssyklusen i rekneskapsrevisjonen gjeld frå 1. mai til 30. april. I verksemdsplanane blir prioriterte revisjonsoppgåver nedfelte ut frå ei overordna vurdering av risiko innan kvart av departementa, med underliggjande verksemdar. Samtidig vurderer Riksrevisjonen sin eigen kompetanse og kapasitet til å gjennomføre dei prioriterte oppgåvene, og set i verk tiltak for å sikre ein mest mogleg effektiv og god revisjon. Riksrevisjonen nyttar eit elektronisk styringsinformasjonssystem til å fordele og rapportere forbruk av ressursar på både revisjonsfaglege og administrative oppgåver på årleg basis.

Risikovurderingar og verksemdsplan i året som gjekk

Risikovurderinga av dei operasjonelle måla blei oppdatert i januar 2012 etter ein prosess i dei enkelte avdelingane og tenestemannsorganisasjonane. Risikoen for desse fire operasjonelle måla blei vurdert som kritisk:

- Riksrevisjonen blir oppfatta som kompetent, uavhengig og objektiv.
- Riksrevisjonen prioriterer oppgåvene ut frå ei heilskapleg vurdering av risiko og kva som er viktig.
- Nødvendig spesialistkompetanse er tilgjengeleg.
- Riksrevisjonen har gode støttesystem som fremmar effektive arbeidsprosessar, informasjonsdeling og god kommunikasjon.

Primæroppgåvene til Riksrevisjonen blei gitt høgaste prioritet i verksemdsplanen for 2012–2013. I tillegg blei det på grunnlag av risikobiletet bestemt å setje i verk desse tiltaka:

- føre vidare og prioritere arbeidet med
 - revisjonsmetodikken og nye internasjonale revisjonsstandardar (sjå omtale i punkt 3.2)
 - nytt revisjonsstøtteverktøy (sjå omtale i punkt 7.2)
 - elektronisk saksbehandling (sjå omtale i punkt 7.2)
- føre vidare arbeidet med
 - datafangstløysinga (innhenting av lønns- og rekneskapsdata frå økonomisystema til dei reviderte verksemdene)
 - nytt økonomisystem i Riksrevisjonen
 - eit vidareutdanningsprogram i offentleg revisjon (sjå omtale i punkt 6.2)
- setje i gang arbeid med
 - ei mobilitetsordning for revisorane i Riksrevisjonen (sjå omtale i punkt 7.2)
 - spesialistkompetanse i Riksrevisjonen på definerte område

7.2 Utviklingstiltak i organisasjonen

Nytt elektronisk revisjonsstøtteverktøy

I 2012 og åra før er det brukt store ressursar på å utvikle og implementere eit nytt elektronisk revisjonsstøtteverktøy (NYS). Verktøyet legg til rette for betre intern samhandling og informasjonsdeling på tvers av revisjonstypar og avdelingsgrenser, noko som er venta både å heve kvaliteten i revisjonsarbeidet og sikre meir effektive arbeidsprosessar. Verktøyet støttar opp under overordna planlegging av revisjonsinnsatsen og dei ulike delane av revisjonsløpet i rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det nye elektroniske revisjonsstøtteverktøyet er kopla saman med det elektroniske arkivet og saksbehandlingssystemet i Riksrevisjonen. Det nye verktøyet blei teke i bruk 1. mai 2012, og arbeidet med å optimalisere systemet held fram i 2013.



Foto: Jarle Nytingnes

Elektronisk saksbehandling

Etter ein prøveperiode der administrasjonsavdelinga og staben var pilotbrukarar, blei eSak – eit system for elektronisk saksbehandling – teke i bruk av alle medarbeidarane frå 1. mai 2012. Administrative dokument og revisjonsdokument som skal arkiverast, eller som blir kommunisert med forvaltninga, blir utarbeidde og lagra i eSak frå første utkast, og nødvendige gjennomgangar og godkjenning av dokument før ekspedisjon skjer elektronisk.

Mobilitetsordning

Riksrevisjonar i fleire av nabolanda våre har etablert mobilitetsordningar for revisorane sine, noko som inneber at éin revisor ikkje skal revidere den same verksemda i lang tid. Tanken er at kvaliteten på og tilliten til revisjonen blir sikra gjennom jamlege skifte av revisjonsområde. I 2012 blei ei slik ordning for Riksrevisjonen greidd ut, og eit forslag til interne føresegner er til behandling i organisasjonen.

Vidareutvikling av prioriteringa av revisjonsoppgåver og arbeid med ny strategisk plan

I løpet av 2012 har Riksrevisjonen teke eit nytt grep for å oppnå ei meir heilskapleg prioritering av revisjonsoppgåvene. Formålet er å løfte dei overordna risikovurderingane ytterlegare gjennom å leggje sterkare vekt på å vurdere risiko på tvers av departementsområde og revisjonstypar. Det er teke skritt i riktig retning for å prioritere dei

riktige oppgåvene og utnytte revisjonsressursane på best mogleg måte. Dette arbeidet vil bli ført vidare og forbetra ytterlegare i tida framover.

Arbeidet med ein ny strategisk plan for perioden 2014–2018 er begynt. Prosessen begynte med ei evaluering av gjeldande planprosess og planstruktur, og arbeidet med sjølve utforminga av den nye strategien er i gang.

7.3 Miljø

Miljøleiing

Riksrevisjonen etablerte i 2011 eit enkelt miljøleiingssystem. Tabell 6 viser utviklinga på viktige miljøindikatorar frå basisåret 2010, dvs. før det blei identifisert og sett i verk særskilde tiltak. Miljøindikatorane viser generelt ei positiv utvikling.

Tabell 6 Miljøindikatorar i perioden 2010–2012

Miljøindikator	Nivå basisår 2010	2011	2012	Endring frå basisår	Endring frå siste år
Energiforbruk kWh/m ²	226	207	199	-27	-8
Papirforbruk per årsverk	4571 ark	4347 ark	3676 ark	-895 ark -19,6 %	-671 ark -15,4 %
Kjeldesorteringsgrad	57 %	66 %	69 %	13	3
Transportkilometer per tilsett	8476	8037	7562	-914 -10,8 %	-475 -5,9 %
Talet på videokonferansar	753	1116	1529	776	413

Riksrevisjonen ønskjer å utvide målingane til også å omfatte innkjøpte varekategoriar der det er fastsett klare miljøkrav, og innkjøp der leverandøren legg vekt på miljøkriterium. Dette vil vere ei prioritert oppgåve i 2013.

Klimakvotar

Riksrevisjonen er med på den statlege ordninga med kjøp av klimakvotar. Direktoratet for økonomistyring (DFØ) registrerer og rapporterer om klimakvotar for flyreiser. Tabell 7 viser kva som er rapportert for Riksrevisjonen dei tre siste åra.

Tabell 7 Rapporterte flyreiser 2010–2012

	Reiser			Kilometer		
	2010	2011	2012	2010	2011	2012
Innanlandsreiser	1969	1873	1917	1 969 000	1 873 000	1 917 000
Utanlandsreiser	323	294	290	2 301 008	2 166 467	1 860 334

7.4 Tryggleik

Riksrevisjonen har som overordna tryggleiksmål at all informasjonsbehandling skal utførast i tråd med lovpålagde krav og på ein slik måte at tilliten til Riksrevisjonen ikkje blir svekt. Det er ikkje avdekt tilhøve i 2012 som tilseier at målet ikkje er nådd. Det har mellom anna ikkje vore rapportert alvorlege brot på tryggleiksregelverket.

Riksrevisjonen har ein eigen tryggleiksleiar, som får bistand av eit rådgivande organ, Sikkerhetsforumet. Det blei halde tre møte i dette forumet i 2012.

I tryggleiksarbeidet i 2012 er det lagt vekt på ytterlegare forbetringar av informasjons-tryggleiken. I januar blei det lagt fram ein rapport frå ein intern revisjon av informasjonstryggleiken i Riksrevisjonen og tilrådingane i rapporten blir følgt opp.

I 2012 fekk alle tilsette i Riksrevisjonen tilbod om mobil tenestetelefon. I samband med det blei det sett i verk tiltak for å redusere risikoen for brot på informasjons-konfidensialitet og informasjonsintegritet ved mellom anna tap og tjuveri av telefonar.

Rutinane for rapportering av brot på tryggleiksregelverket blei endra for å gjere det enklare å rapportere om brot. I tillegg blei e-læringskurset om tryggleik oppdatert og gjort obligatorisk for alle tilsette. I samband med innføringa av elektroniske verktøy for saksbehandling og revisjon blei det lagt vekt på informasjon om intern skjerming av teiepliktig informasjon.

Det er innleidd eit samarbeid med Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) for gjensidig informasjon om planlagde revisjonar og tilsyn, ikt-trusselbilete og revisjons-/tilsynsmetodikk. Tryggleiksleiaren og ikt-tryggleiksleiaren deltek på desse møta.

8 Utviklingstrekk med konsekvensar for revisjonen

Berekrafta i offentlege velferdsordningar

Noreg er eit velferdssamfunn med gode ordningar for inntektssikring og gode offentlege tilbod av tenester. Det er ei betydeleg offentlig satsing på helse- og omsorgstenester, barnehagar, utdanning og forskning. Hovudbodskapen i *Perspektivmeldingen 2013*, Meld. St. 12 (2013–2014) er at det er arbeid som vil tryggje velferda i framtida. Det er gjennomført ei rekkje reformer for å styrkje arbeidslinja i arbeids- og velferdspolitikken dei siste åra, mellom anna pensjonsreforma og NAV-reforma. Vurdering av arbeidsevne og deltaking i arbeidslivet må også vere sentralt i tida framover, og tidleg innsats og førebygging er viktig. Det er viktig å leggje til rette for at personar med særlege behov kan delta i arbeidslivet, og viktig å gi ekstra hjelp til grupper som står i fare for å falle ut av arbeidslivet. Særleg gjeld det personar med nedsett arbeidsevne og ungdom som står i fare for å falle ut av skole og utdanning. God integrering av innvandrarar i arbeidsmarknaden er også viktig for å oppnå ein høg grad av yrkesdeltaking framover. Riksrevisjonen vil difor framleis vere oppteken av viktige arbeids- og velferdsordningar.

Økonomiske rammer og effektiv ressursbruk i staten

Perspektivmeldinga peiker på eit gradvis aukande behov for inndekning i offentlege finansar på lang sikt. Samtidig kjem etterspurnaden etter og forventningane til offentlege tenester truleg til å vere like store eller større enn før, noko som kan føre til større merksemd omkring effektiviteten i offentlig forvaltning og tenesteproduksjon. Spørsmålet kan i større grad bli kor godt eller effektivt ein gjer bruk av ressursane på ein sektor, enn kor store offentlege midlar som blir brukte.

Dette kan illustrerast ved to sektorar som har vore "budsjettvinnarar" dei seinare åra: justis og samferdsel. Politi- og påtaleområdet har fått auka budsjettet sitt med 35 prosent i perioden 2008–2012 (løpande kroneverdi). Ein betydeleg ressursauke har ikkje gitt tilsvarende auke i talet på polititenestemenn, mindre saksmengd (mindre kriminalitet) eller oppklarte saker. Tilsvarende har det på samferdselssektoren vore ein årleg realvekst på 9,1 prosent i perioden 2008–2012, men utviklinga i resultatindikatorane for Jernbaneverket og Statens vegvesen (StatRes) speglar ikkje att ressursauken i perioden, og det berekna vedlikehaldsetterslepet på vegar har auka. Dette kan auke etterspurnaden etter revisjon og analyse med effektiv ressursbruk som tema.

Kommunal tenesteproduksjon

Kommunesektoren forvaltar ein stor del av ressursane til fellesskapen og har ansvaret for mange store og viktige velferdsoppgåver. Stortinget har slått fast at økonomisk og juridisk rammestyring framleis skal vere hovudprinsippet for statleg styring av kommunesektoren. Sentrale moment er kostnadseffektiv tenesteproduksjon og lokal tilpassing av tenestetilbodet. Samtidig har staten legitime behov for å sikre likeverdige tenester på viktige velferdsområde. God økonomistyring i kommunane er avgjerande for at den enkelte kommunen kan tilby eit godt og stabilt tenestetilbod over tid, men den økonomiske tilstanden varierer mellom kommunane, og ein del kommunar er i økonomisk ubalanse. Dermed er det ein risiko for at ikkje alle kommunar greier å halde oppe eit godt tenestetilbod til innbyggjarane sine.

Ikt

Samfunnet blir stadig meir avhengig av robuste og velfungerande ikt-system, mellom anna innan velferdstenester og overfor næringslivet. Digitalisering av offentleg sektor er viktig for å oppnå forenkling og effektivisering i forvaltninga. Det er viktig at forvaltninga har god ikt-styring og ikt-system som er dimensjonerte og tilpassa dei oppgåvene den enkelte etaten har ansvar for. Den teknologiske utviklinga stiller òg stadig større krav om vedlikehald og jamlege oppgraderingar av elektroniske informasjons-system. Verksemdene må følgje opp dette og setje av tilstrekkelege ressursar. Sjølv korte driftsavbrot i system og nettverk kan få store konsekvensar for både enkelt-verksemdar og samfunn. Manglande oppfølging aukar mellom anna risikoen for uønskt spreiding, endring eller sletting av opplysningar. Uønskt inntrenging i informasjonssystema til forvaltninga kan få alvorlege følgjer for enkeltmenneske og svekke samfunnstryggleiken. Riksrevisjonen vil framleis rette merksemda mot ikt-styring og ikt-tryggleik i revisjonen sin.

Kommunesektoren står for ein stor del av tenestene offentleg sektor leverer til innbyggjarar og bedrifter, og er difor ein viktig arena for digitalisering av offentleg sektor. Ein føresetnad for digitalisering av offentleg sektor er at kommunane har ikt-løysingar som kan kommunisere med statlege verksemdar og innbyggjarar. Ikt i kommunane er viktig for å sikre god kvalitet på tenestene og ein effektiv offentleg tenesteproduksjon. Det er eit stort, uutnytta potensial for større grad av digitalisering i kommunane. Kommunane har ulike føresetnader både teknologisk og organisatorisk, noko som kan gjere at tenestetilbodet til innbyggjarane blir ulikt. Riksrevisjonen vil vere merksam på desse områda framover.

Helse og omsorg

Eit sentralt tema i Meld. St. 16 (2010–2011) *Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011–2015* og den nye helse- og omsorgstenestelova er iverksetjinga av samhandlingsreforma. Reforma skal betre balansen og samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og sikre brukarane eit heilskapleg og samanhengande tilbod av helsetenester. Økonomiske verkemiddel skal gjere det lønnsamt for kommunar og helseføretak å samarbeide. Det omfattar mellom anna avgrensa kommunal medfinansiering for somatiske behandlingar i spesialisthelsetenesta og kommunal betaling for utskrivingssklare pasientar.

For kommunane inneber samhandlingsreforma at den kommunale helse- og omsorgstenesta må styrkjast. Kommunane vil gradvis få tilført fleire oppgåver. Det skal leggjast større vekt på helsefremmande og førebyggjande arbeid. Utgreiing og behandling av sjukdommar og tilstandar som førekjem ofte, skal desentraliserast så snart det er mogleg. I tråd med samhandlingsreforma er måla for kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet i Meld. St. 10 (2012–2013) eit meir brukarorientert helse- og omsorgstilbod, større satsing på systematisk kvalitetsforbetring, betre pasienttryggleik og færre uønskte hendingar.



Foto: morgueFile

Eit viktig verkemiddel for å innfri intensjonane i samhandlingsreforma er informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Her er det framleis store utfordringar når det gjeld etablering av nasjonal kjernejournal (Meld. St. 9 (2012–2013) *Én innbygger – én journal*) og effektiv og sikker elektronisk samhandling.

Det er varsla endringar i pasient- og brukarrettslova for å klargjere fristar knytte til utgreiing og behandling. Styringa av og kvaliteten på tenestetilbodet innan helse- og omsorgssektoren vil vere sentrale tema for Riksrevisjonen også i tida framover.

Samfunnstryggleik og beredskap

Risiko- og trusselbildet samfunnet vårt står overfor, er breitt og samansett. Noreg har blitt ramma av ei rekkje alvorlege hendingar dei siste åra. Åtaka 22. juli 2011, flaum kombinert med svikt i telenettet, ekstremvêr, sprenging av vulkanoske frå Island og pandemi illustrerer breidda og utfordringane i samfunnstryggleiksarbeidet. Samfunnsutviklinga fører med seg at den tverrsektorielle avhengigheita stadig blir større og meir kompleks, noko som igjen gjer samfunnet meir sårbart og stiller nye krav til førebygging og handtering av uønskte hendingar. Det er difor særleg viktig å arbeide for å redusere sårbarheita innanfor kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar for å kunne halde oppe ordinær drift. Større grad av kompleksitet i samfunnet og avhengigheit på tvers av sektorar inneber også eit stort behov for samarbeid på tvers av ansvarsområde, både når det gjeld det førebyggjande beredskapsarbeidet, og når det gjeld krisehandtering. I tida framover vil mellom anna konklusjonar og tilrådingar i NOU 2012: 14 *Rapport fra 22. juli-kommisjonen* og stortingsmeldinga frå Justis- og beredskapsdepartementet om saka, som ble lagt fram for Stortinget våren 2013, vere viktige grunnlag for det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Riksrevisjonen har tidlegare gjennom revisjon og kontroll peikt på ei rekkje svakheiter i oppfølginga av arbeidet med samfunnstryggleik. Riksrevisjonen vil i tida framover også følgje med på arbeidet som blir gjort i forvaltninga for å styrkje samfunnstryggleik og beredskap.

Forsvarssektoren

Stortinget behandla 14. juni 2012 den nye langtidsplanen for forsvarssektoren, jf. Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) *Et forsvar for vår tid*. Behandlinga i Stortinget viser at det framleis er brei einigheit om hovudlinjene i norsk tryggleiks- og forsvarspolitik. Hovudformålet med forsvarssektoren er å forsvare Noreg og norske interesser og verdiar mot eksterne truslar og angrep, i samarbeid med allierte land. Samtidig rår Forsvaret over mange kapasitetar som kan utgjere viktige bidrag i andre krisesituasjonar, som til dømes ulykker, naturkatastrofar og terror.

Forsvarssektoren forvaltar store ressursar på vegner av samfunnet. Det må difor stillast strenge krav til at desse ressursane blir forvalta effektivt og i tråd med politiske vedtak. For å ta vare på tilliten i befolkninga og nå dei fastsette måla er det avgjerande at forsvarssektoren har ei effektiv økonomistyring, ei forsvarleg forvaltning og god kompetansestyring. Riksrevisjonen har tidlegare gjennom revisjon og kontroll peikt på ei rekkje svakheiter på forsvarsområdet og vil framleis ha merksemda retta mot forsvarssektoren. I den nye langtidsplanen er det lagt opp til ei vidareutvikling og, innanfor utvalde område, ei styrking av den operative strukturen. I åra framover vil investeringar i eit nytt kampflyvåpen leggje beslag på ein stor del av dei samla investeringsmidlane. Personell- og kompetanseområdet vil også få stor merksemd i dei kommande åra. Arbeidet skal styrkje evna til å trekkje til seg, rekruttere, utvikle, bruke og halde på rett personell med rett kompetanse.

Samferdsel

Det overordna hovudmålet for transportpolitikken er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem, som dekkjer behovet samfunnet har for transport, og som fremmar regional utvikling, jf. St.meld. nr. 16 (2008–2009) *Nasjonal transportplan 2010–2019*. I planen er det lagt opp til å styrkje innsatsen både til nye utbyggingsprosjekt og til drift og vedlikehald. Betre infrastruktur for veg og jernbane er eit sentralt verkemiddel for å ta heile landet i bruk og styrkje den langsiktige verdiskapinga. Samferdselssektoren har dei seinare åra difor fått betydeleg større løyvingar. Arbeidet på samferdselssektoren blir følgt opp vidare i stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2014–2023, som ble lagd fram våren 2013. Det er lagt opp til ein betydeleg auke i samferdselsløyvingane også i neste tiårsperiode. Riksrevisjonen har over fleire år peikt på ei rekkje svakheiter på samferdselsområdet, og vil også i åra framover følgje opp at det er effektiv styring og forsvarleg forvaltning på sektoren.

Kunnskapsområdet

Læreplanverket for Kunnskapsløftet (2006) gav kommunane og fylkeskommunane større fridom til å bestemme kva form og innhald undervisninga skulle ha. Også universitet og høgskolar har fått større handlefridom. Utviklinga er forsterka med endringar i lovverket i kjølvatnet av Kvalitetsreforma (2003) og med etableringa av ei forenkla mål- og resultatstyring av sektoren. Parallelt med at handlefridommen er blitt større, er det frå statleg hald lagt større vekt på vurdering, rapportering og tilsyn gjennom mellom anna etableringa av tilsynsorganet NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). Sidan 2006 er det kvart år gjennomført felles nasjonale tilsyn på opplæringsområdet. Det er usikkert om lokal internkontroll og statleg systemtilsyn har fungert slik det er føresett. Det statlege tilsynet har avdekt omfattande lovbrøt i kommunane, og etterlevinga av regelverk ser ikkje ut til å ha betra seg over tid. Det er usikkert i kor stor grad systemtilsyn er med på å sikre kvaliteten i høgare utdanning. Samla sett er det vanskeleg å seie noko eintydig om kvalitetsutviklinga på kunnskapsområdet og om grunnopplæringa og den høgare utdanninga er blitt betre som følgje av Kunnskapsløftet og Kvalitetsreforma. Styresmaktene har uttrykt at det er behov for å klargjere kvalitetsomgrepet, og har varsla ein ny gjennomgang og evaluering av Kvalitetsreforma. Riksrevisjonen vil vere merksam på dette området framover.

Økonomisk kriminalitet

Det blir utført mange former for økonomisk kriminalitet, mellom anna korrupsjon og skatte- og trygdekriminalitet. Det inneber ein risiko for samfunnet på ulike område, det rammar fellesskapen og svekkjer grunnlaget for velferdsstaten. Eit tett samarbeid mellom kontrollatane og politiet er avgjerande i kampen mot økonomisk kriminalitet. Det blir arbeidd med fleire tiltak på området, mellom anna gjennom handlingsplanen mot økonomisk kriminalitet (2011–2014). Riksrevisjonen følgjer med på kva tiltak forvaltninga set i verk i tida framover.

Globalisering

Handelen med varer og tenester over landegrensene aukar i omfang, og menneske beveger seg i utstrekt grad ut og inn av Noreg. Globaliseringsprosessen gjer seg gjeldande på alle samfunnsområde og inneber nye utfordringar for alle sektorstyresmakter. Utviklinga skaper vesentlege utfordringar for skattestyresmaktenes ajourføring av folkeregisteret og skattlegging av skattytarar med eierskap og transaksjonar over landegrensene. På justisområdet fører prosessen mellom anna til nye former og mønster for kriminalitet med konsekvensar for førebygging og kamp mot kriminalitet. På finansområdet fører uro i internasjonale aksjemarknader og oppbygging av stor statsgjeld i mange land til utfordringar for norske finansstyresmakter. På kulturområdet fører globaliseringa til at nasjonale reglar for mellom anna etermedium, reklame og

spelselskap må vurderast. På forsvarsområdet gjer framveksten av cyberangrep og internasjonal terrorisme det nødvendig med nye tiltak frå forsvars- og tryggleiksstyresmaktene. Vidare har fleire statlege selskap over fleire år utvida engasjementet sitt i utlandet i stor grad. Verknadene av globaliseringa er med i vurderingane når Riksrevisjonen prioriterer innsatsen på relevante område.

Miljø- og klimautfordringar

Samfunnet står overfor store utfordringar når det gjeld klimaendringar og global oppvarming. Sjølv om klimaproblemet berre kan løysast gjennom brei internasjonal samhandling, har kvart enkelt land ansvar for å føre ein aktiv nasjonal politikk for å redusere utslepp av klimagassar. Norsk klimapolitikk er basert på klimaforliket i Stortinget i 2012, jf. Meld. St. 21 (2011–2012) og Innst. 390 S (2011–12). Hovudverkemidla i klimapolitikken er avgifter og deltaking i det europeiske systemet for handel med utsleppskvotar. I tillegg blir andre verkemiddel tekne i bruk, mellom anna direkte regulering, standardar, avtalar og subsidiering av utsleppsreducerande tiltak. I klimameldinga er det foreslått å forsterke den nasjonale verkemiddelbruken på ei rekkje område.

Miljøproblem oppstår i dei ulike økonomiske sektorane i samfunnet: i transportsektoren, i landbruket, i industrien, i offshoresektoren mv. Alle samfunnssektorane har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljømsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at Norge når dei nasjonale miljøpolitiske måla. Vidare har sektorstyresmaktene ansvar for å gjennomføre dei tiltaka innanfor deira eige område som trengst for å nå måla i miljøpolitikken.

Riksrevisjonen vil framleis følgje med på innsatsen forvaltninga gjer på miljøområdet.



Foto: morgueFile

9 Budsjett og rekneskap for 2012

Riksrevisjonens rekneskap er revidert av Ernst & Young AS, som er nemnd opp av presidentskapen i Stortinget. Rekneskapen for 2012, med notar og revisjonsmelding, er send til presidentskapen i Stortinget.

Riksrevisjonen vil frå 2013 føre den interne rekneskapen sin etter dei nye statlege rekneskapsstandardane. Som ei førebuing er det laga rapportar for 2012 i tråd med tilrådd rekneskapsstandard nr. 1 (oppstillingsplan for resultat og balanse) for statlege verksemdar så langt denne standarden passar. Tabellen nedanfor viser rekneskap og budsjett oppstilt i tråd med standard budsjettoppfølgingsrapport (tal i 1000 kr).

	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Avvik budsjett/ rekneskap	Rekneskap 2011
Driftsinntekter	2 100	2 507	407	2 628
Sum inntekter	2 100	2 507	407	2 628
Lønn og sosiale kostnader	344 332	340 907	3 425	331 993
Sjukepengar og andre refusjonar	-	-9 816	9 816	-9 526
Andre driftskostnader	136 128	122 790	13 338	122 918
Sum driftskostnader	480 460	453 881	26 579	445 385
Driftsresultat (nettoutgift)	478 360	451 374	26 986	442 757

Som følge av overgang til dei nye regnskapsstandardane er det også utarbeidd ein resultatrapport som viser rekneskapen fordelt på formål. Tabellen under viser korleis dei direkte kostnadene (netto driftskostnader justert for husleige, infrastrukturkostnader og likande felleskostnader) fordeler seg på hovudformål (tal i 1000 kr).

	Revisjons- faglege aktivitetar	Internasjonale aktivitetar	Kompetanse- utvikling	Leing og støtte- funksjonar
Lønnskostnader	216 514	12 848	28 217	73 952
Sjukepengar og refusjonar	-8 291	-	-	-1 525
Sosiale kostnader	981	135	3 055	5 205
Andre driftskostnader	27 849	5 035	4 293	26 430
Fordelte driftskostnader	237 053	18 018	35 565	104 062
Prosentvis fordeling	60 %	5 %	9 %	26 %

Meldinga om verksemda i Riksrevisjonen i 2012 blir send til Stortinget.

Vedteke i møte i Riksrevisjonen 23. april 2013

Jørgen Kosmo

Arve Lønnum


Annelise Høegh

Per Jordal


Synnøve Brenden

Björg Selås

Vedlegg 1: Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2012



Vedlegg 2: Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2012



Vedlegg 3: Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2012

Oversendt Stortinget	Dokumentnummer	Tittel
17.01.2012	Dokument 3:2 (2011–2012)	Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2010 ¹
31.01.2012	Dokument 3:6 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av politiets arbeid med vinningskriminalitet
	Dokument 3:7 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse om håndtering av farlig avfall
	Dokument 3:8 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av Mattilsynet
06.03.2012	Dokument 3:9 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av havbruksforvaltningen
	Dokument 3:10 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse om effektiv ressurs-utnyttelse i NAV
	Dokument 3:11 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse om rehabilitering innen helsetjenesten
02.05.2012	Dokument 2 (2011–2012)	Riksrevisjonens melding om virksomheten i 2011
31.05.2012	Dokument 3:12 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av ikt-forvaltningen i straffesakskjeden
	Dokument 3:13 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse om utbygging og fornyelse av jernbaneinfrastrukturen
14.06.2012	Dokument 3:14 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig reindrift i Finnmark
	Dokument 3:15 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse om det kommunale barnevernet og bruken av statlige virkemidler
	Dokument 3:16 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av partnerskapet mellom staten og kommunen i NAV
27.09.2012	Dokument 3:17 (2011–2012)	Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig forvaltning av norske skogressurser
25.10.2012	Dokument 1 (2012–2013)	Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2011
08.11.2012	Dokument 3:1 (2012–2013)	Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget
	Dokument 3:3 (2012–2013)	Riksrevisjonens undersøkelse av Kunnskapsdepartementets koordinering av forskningspolitikken
27.11.2012	Dokument 3:2 (2012–2013)	Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2011
11.12.2012	Dokument 3:4 (2012–2013)	Riksrevisjonens undersøkelse om statens forvaltning av eiendomsmasse i universitets- og høyskolesektoren
	Dokument 3:5 (2012–2013)	Riksrevisjonens undersøkelse av bompengeforvaltninga

1 Omtalt i Dokument 2 (2011–2012)

Vedlegg 4: Påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2013

Arbeidsdepartementet	• NAVs forvaltning av tilretteleggingsgarantien for personer med funksjonsnedsettelse • Arbeidsrettet bistand fra NAV
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	(ingen)
Finansdepartementet	• Skatte- og avgiftsmyndighetenes kontrollarbeid på MVA-området • Grensekontroll i toll- og avgiftsetaten
Fiskeri- og kystdepartementet	• Effektivitet og måloppnåelse i Kystverkets tjenesteproduksjon
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet	• Utredning av offentlige tiltak og reformer • Statlig tilsynsvirksomhet
Forsvarsdepartementet	• Ivaretagelse av veteraner fra internasjonale operasjoner
Helse- og omsorgsdepartementet	• Elektronisk meldingsutveksling i helse- og omsorgssektoren • Effektivitet og måloppnåelse i Helsedirektoratet • Produktivitet og effektivitet i sykehus
Justis- og beredskapsdepartementet	(ingen)
Kommunal- og regionaldepartementet	• Kommunenes styring og kontroll for å nå nasjonale mål¹
Kulturdepartementet	• Tilskudd til kunstformål
Kunnskapsdepartementet	• Fagopplæringen i bedrift²
Landbruks- og matdepartementet	(ingen)
Miljøverndepartementet	• Tilskuddsordninger til naturmangfold og friluftsliv • Nasjonalparker • Måloppnåelse og utnyttelse av infrastruktur til polarforskning
Nærings- og handelsdepartementet	(ingen)
Olje- og energidepartementet	• Statens engasjement for å få på plass CO₂-håndtering • Konesjonsbehandling i NVE av kraft- og nettutbygginger
Samferdselsdepartementet	• Intern kontroll i Statens Vegvesen
Utanriksdepartementet	• EØS-finansieringsordningene • Forvaltning av norsk helsebistand til Malawi³ • Norsk bistand til ren energi • Fellesrevisjon vedrørende Arktisk Råd

1 Dokument 3:7 (2012–2013) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunene si styring og kontroll med tjenester med nasjonale mål. Sendt Stortinget 19.02.2013.

2 Dokument 3:6 (2012–2013) Riksrevisjonens undersøkelse av fagopplæring i bedrift. Sendt Stortinget 19.02.2013.

3 Dokument 3:8 (2012–2013) Riksrevisjonens undersøkelse av norsk bistand til helsesektoren i Malawi. Sendt Stortinget 19.02.2013.

Vedlegg 5: Melding frå revisor



ERNST & YOUNG

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6 NO-0191 Oslo
Oslo Atrium, P.O. Box 20 NO-0051 Oslo

Foretaksregisteret NO 976 383 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00
Fax: +47 24 00 24 01
www.ey.no

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til Stortingets Presidentskap

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Riksrevisjonen for 2012, som består av driftsregnskap, pliktige budsjettopplysninger og noter.

Kollegiet og ledelsens ansvar for årsregnskapet

Kollegiet og ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for slik intern kontroll som kollegiet og ledelsen finner nødvendig for å utarbeide årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, instruksen for revisor oppnevnt av Stortingets Presidentskap for å revidere Riksrevisjonens regnskap og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for virksomhetens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet for Riksrevisjonen avgitt i samsvar med regelverket for statlig regnskapsførsel.

Oslo, 13. mars 2013

ERNST & YOUNG AS

Kjetil Andersen
statsautorisert revisor



Vedlegg 6: Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI

INTOSAI Development Initiative (IDI) er et utviklingsorgan for riksrevisjoner i utviklingsland. IDIs hovedmål er å bidra til bedret revisjonskapasitet gjennom behovsbaserte, målrettede, framsynte og bærekraftige utviklingsprogrammer. Virksomheten omfatter styrking av lederes og revisorers profesjonelle kompetanse, organisasjonsutvikling og informasjons- og kunnskapsdeling. IDI er en del av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions), verdenssammenslutningen av riksrevisjoner. Av INTOSAIs 191 medlemmer er flesteparten, 145 riksrevisjoner, utviklingsland og utgjør den primære målgruppen til IDI.

Riksrevisjonen overtok ansvaret for IDI i 2001. Overtakelsen var godkjent av Stortinget, jf. Dokument 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8 (1998–99), og INTOSAIs øverste organ (kongressen) i 1998. I Norge er IDI organisert som en stiftelse med styre, sekretariat og en rådgivende komité.

Styret for IDI hadde i 2012 ni medlemmer. Riksrevisjonens leder er leder av styret for IDI, og tre andre styremedlemmer kommer fra ledelsen i Riksrevisjonen. De andre styremedlemmene er riksrevisorer i Canada, Nederland, Storbritannia, Sverige og Zimbabwe. INTOSAIs generalsekretær og formannen i INTOSAIs hovedkomité for kapasitetsutvikling er observatører. Riksrevisjonens leder er styremedlem i INTOSAI i kraft av å lede den riksrevisjonen som har ansvaret for IDI. Styrevervet i INTOSAI gir Riksrevisjonen en unik mulighet til medinnflytelse i utviklingen av INTOSAI som organisasjon.

IDI-sekretariatet holder til i Riksrevisjonens lokaler i Oslo. Hovedoppgaven for sekretariatet er planlegging og gjennomføring av utviklingsprogrammer. Sekretariatet benytter fire arbeidsspråk – arabisk, engelsk, fransk og spansk, og sekretariatet har en internasjonal arbeidsstokk.

I 2009 ble det inngått en samarbeidsavtale mellom INTOSAI og 15 giverorganisasjoner. I 2012 sluttet tre nye givere seg til avtalen, og det er fortsatt interesse blant andre givere for å bli med. Gjennom samarbeidet deltar riksrevisjoner og givere i et felles framstøt for en mer strategisk tilnærming og økt støtte til styrking av kapasiteten til riksrevisjoner i utviklingsland. Fra starten ble IDI valgt som sekretariat for samarbeidet. INTOSAI-giversekretariatet rapporterer til styringsgruppen for samarbeidet og inngår som en integrert del av IDI-sekretariatet.

IDI har foretatt omfattende analyser av utviklingsbehov i riksrevisjoner og INTOSAI-regioner. Dette har gitt et godt grunnlag for planlegging og gjennomføring av nye kapasitetsutviklingsprogrammer. IDI legger til grunn at utviklingsprogrammene skal resultere i varige forbedringer. Partnerskap brukes i stor utstrekning for å sikre bedre resultater. De fleste IDI-programmene gjennomføres i samarbeid med INTOSAIs fagkomitéer og arbeidsgrupper som utvikler standarder og veiledninger, og som kan bidra med ekspertise i utviklingsprogrammene. IDI fremmer likestilling mellom kjønnene i sine programmer.

Etter at IDI fra 2007 la om fra opplæringsvirksomhet til bredere et perspektiv på kapasitetsutvikling, har erfaringen vært at programmene blir mer omfattende og

langvarige. Tidligere arbeidet IDI med grupper av riksrevisjoner med likeartede utviklingsbehov innenfor hver enkelt av INTOSAI-sju regioner. Utviklingen har gått i retning av å dekke sammenfallende behov på tvers av regioner gjennom flerregionale programmer.

Den viktigste satsingen i 2012 var oppstarten av et program for å støtte innføringen av INTOSAI-s nye internasjonale revisjonsstandarder for riksrevisjoner. Standardene ble vedtatt i 2010 og er samlet i et omfattende ISSAI-rammeverk (ISSAI – International Standards of Supreme Audit Institutions) som omfatter krav til riksrevisjoners mandat, organisering, metodikk mv. Riksrevisjoner i utviklingsland har gjennomgående stort behov for støtte til innføring av ISSAI-ene. 3i-programmet (3i – ISSAI Implementation Initiative) skal i løpet av tre-års perioden 2012–2014 legge til rette for kartlegging av situasjonen i de enkelte land og ha utdannet et betydelig antall (minst 180) spesialister i analyse av utviklingsbehov og veiledning ved innføring av standarder. Kartleggingsverktøy ble utviklet og opplæringen av spesialister startet i 2012. Et internett-basert nettverk for spesialister og andre interesserte ble forberedt i 2012 for oppstart våren 2013.

Tema for andre viktige programmer i 2012 har vært: Ledelsesutvikling, strategisk og operasjonell planlegging, introduksjon og aktiv bruk av INTOSAI-veiledninger, IT-revisjon, risikobasert regnskapsrevisjon, kvalitetssikring av revisjonsarbeid og felles forvaltningsrevisjoner i opplæringsøyemed.

De siste årene har IDI arbeidet mye med forbedring av planlegging og rapportering av resultatoppnåelse. To resultatrammeverk for henholdsvis kapasitetsutviklingsprogrammer og INTOSAI-giversamarbeidet er styrende for planlegging, gjennomføring og resultatmåling av programmer og andre aktiviteter. Virksomhetsrapporteringen er vesentlig endret siden 2011, og flere evalueringer er foretatt av gjennomførte programmer. Evalueringene viser en betydelig grad av måloppnåelse. I slutten av 2012 ble en omfattende ekstern evaluering av IDI i 2013 forberedt, både for å få en uavhengig gjennomgang av kapasitetsutviklingsprogrammer og se på IDIs egen kapasitet og organisering.

I samarbeidet mellom INTOSAI og givene har det vært god framdrift. En egen database for utviklingsprosjekter som gjelder riksrevisjoner, er satt i drift med flere enn 250 prosjekter registrert ved utgangen av 2012. Databasen har vært brukt i arbeidet med å finne interesserte givere til utviklingsprosjekter det er meldt behov for. Av 55 innsendte søknader lyktes det i 2012 å finne minst én interessert giver til 44 (80 %) av dem.

Arbeidet med å etablere en felles finansierungsordning for utviklingsprosjekter rettet mot riksrevisjoner fortsatte i 2012. Videre arbeid med å utvikle et felles resultatmålingsverktøy for riksrevisjoner har vært høyt prioritert i 2012. Måleverktøyet er utprøvd i tre riksrevisjoner og vil bli testet i et betydelig antall land i 2013.

INTOSAI-giversekretariatet har i 2012 også arbeidet med å få flere riksrevisjoner til å bidra med ekspertise og ressurser i samarbeidet med utviklingslandene. Mange riksrevisjoner har liten kunnskap om å etablere kontakt med givere, og derfor ble det i 2012 gitt opplæring i utforming av prosjektsøknader. INTOSAI-giversekretariatet er i økende grad blitt et kompetansesenter som både riksrevisjoner, givere, internasjonale organisasjoner og andre interesserte henvender seg for kunnskap og informasjon om riksrevisjoner og utviklingssamarbeid.

Driften av IDI-sekretariatet er finansiert ved tilskudd som utbetales fra Norad. Dette er et langsiktig engasjement basert på Stortingets tilslutning til etableringen av IDI i Norge. En vesentlig del av IDI-sekretariatets kostnader, hovedsakelig lønns- og reisekostnader, kan relateres direkte til konkrete programaktiviteter, mens en mindre del dekker intern administrasjon. Dette driftstilskuddet er en forutsetning for at Riksrevisjonen har kunnet påta seg oppgaven å være ansvarlig for IDI. I senere år har dette driftstilskuddet ikke vært tilstrekkelig til å dekke alle kostnader. Bl.a. har det vært nødvendig å dekke lønn til medarbeidere ansatt i regionene av midler tatt fra andre givers bidrag til programvirksomheten.

Tilskudd til finansiering av INTOSAI-giversekretariatet har vært sikret av givere i Irland, Norge (Norad) og Østerrike ut 2012. Styringsgruppen for INTOSAI-giversamarbeidet vedtok i oktober 2012 et nytt arbeidsprogram for årene 2013–2015, som innebærer en viss økning av aktivitetsnivået. Dette var ikke fullstendig finansiert pr utgangen av 2012 og forutsetter at det aktivt søkes å få givne til å bidra mer.

I 2012 er tilskudd til finansiering av IDIs kapasitetsutviklingsprogrammer mottatt fra givere i Canada, Danmark, Finland, Norge (Utenriksdepartementet) og Sverige, og fra Verdensbanken, INTOSAI og riksrevisjonen i Kuwait. Økonomisk støtte fra givere internasjonalt er en forutsetning for programvirksomheten. IDI har hatt en stabil gruppe givere som har skaffet til veie mesteparten av de midlene som trengs. Flere kontrakter løp ut i 2012 uten at de ble fornyet. Det er en merkbar trend at mange givere har mindre ressurser å bidra med enn tidligere, og givers prioritering av formål har også endret seg de siste årene. Andelen av øremerkede tilskudd (til bestemte land, regioner og/eller formål) har økt fra år til år, mens givne tidligere vanligvis stilte midler til rådighet for gjennomføring av IDIs strategiske plan. Dette har komplisert programvirksomheten og innebærer en fare for at IDI kan bli mindre behovsdrivet enn før. Også i 2012 har en rekke riksrevisjoner gitt verdifull støtte til IDIs aktiviteter i form av tjenester.

Nøkkeltall for IDIs kostnader i 2012 er 19 mill. kroner fra Norad til driften av IDI-sekretariatet, mens 24,7 mill. kroner fra forskjellige andre givere ble anvendt direkte til programvirksomheten, og 5,9 mill. kroner til INTOSAI-giversekretariatet. I årsregnskapet for 2012 er forutsetningen om fortsatt drift lagt til grunn.

IDI disponerte i alt 24,6 årsverk i 2012, fordelt med 15,4 årsverk ved IDI-sekretariatet og 3,7 årsverk ved INTOSAI-giversekretariatet i Oslo, og 5,5 årsverk på programmedarbeidere stasjonert i INTOSAI-regioner.

Virksomheten fortsetter i 2013 med en rekke kapasitetsutviklingsprogrammer for riksrevisjoner i ulike verdensdeler og løsning av viktige arbeidsoppgaver som vil ta INTOSAI-giversamarbeidet videre.

IDIs inneværende strategiske plan ble i 2012 forlenget med ett år slik at planperioden er 2007–2013. Ny strategisk plan fra 2014 er under utarbeidelse og ventes vedtatt av styret i 2013. Den nye planen vil ta opp i seg viktige utviklingstrekk fra de senere år (som konsekvensen av internasjonale finanskriser, etableringen av INTOSAI-giversamarbeidet og innføringen av ISSAI-rammeverket).



1 657 493 460 65 237 5 740 612 3 808 164 11 218 9 461



241 344


Tryck: 07 Media 2013



Riksrevisjonen
Pilestredet 42
Postboks 8130 Dep
0032 Oslo

Sentralbord: 22 24 10 00
Telefaks: 22 24 10 01
postmottak@riksrevisjonen.no

www.riksrevisjonen.no



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 -3 496 7 160 389